

Vanskelege ord i vanskelege tider

Ei oppgåve om språk i arve- og skiftedokument

Elin Espe Stensvand



Mastergradsoppgåve i nordisk språk

NOLISP350

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

Universitetet i Bergen

September 2015

Takk

Til rettleiaren min, Ivar Utne, for mykje fagleg engasjement, stort tålmod, godt humør, mange og lange samtalar og epostar, og ekstremt mykje skanning. Utan deg hadde eg aldri kome i mål med dette prosjektet.

Til mamma, som er verdas beste heiagjeng i eigen person, som alltid høyres glad ut når eg ringer, og som alltid skryter (ufortent) mykje av det eg har skrive.

Til pappa, som prioriterer meg framfor føredragskriving, fjellturar og vedsaging. Takk for hjelp med oversetjing og språkvask, og for at du bryr deg så mykje.

Til Eirik, min store veslebror, som tok det som ei sjølvfølgje at eg skulle klare dette.

Til Språkrådet, for 20.000 kroner, for at de hadde trua på prosjektet mitt før eg hadde det sjølv, og for å setje meg i kontakt med Jan Havsås.

Til Jan Havsås ved Domstolsadministrasjonen, som sette av tid til å lære meg om skifte. No veit eg kva preklusivt proklama er.

Til informantane mine, som sleit seg gjennom eit vanskeleg dokument for å hjelpe meg med oppgåva.

Til Ellen, Stine, Signe og resten av mastergjengen. Eg kjem aldri til å gløyme dette året.

Til Elise, Tina, Maren og Silje, for utanomfagleg og høgst nødvendig moro.

Til Sam. Du er ok pluss.

Bergen, 1. september 2015

Elin Espe Stensvand

Innholdsliste

1. INNLEIING	1
1.1 Oppgåvestruktur	1
1.2 Klarspråk ved dødsfall – ein utfordrande kommunikasjons-situasjon	2
1.2.2 Arv og skifte	2
1.3 Avgrensing av oppgåva og problemformulering	3
1.3.1 Problemstilling	4
2. TEORETISK BAKGRUNN	5
2.1 Klarspråk	5
2.1.1 Klarspråk som felt	5
2.1.2 Språkløfter	6
2.1.3 Klarspråk og nynorsk	7
2.1.4 Tidlegare forskning	7
2.1.4.1 Masteroppgåver etter år 2000	7
2.1.4.2 Forsking om vanskeleg språk før år 2000	10
2.1.5 Klart lovspråk	13
2.1.5.1 Språklege stopparar	14
2.1.5.2 Havsås & Senje	14
2.1.5.3 Klart lovspråk? Juridiske tekstar i et verksemdsperspektiv	16
2.1.5.4 Grunnlova	17
2.2 Vanskelege ord og uttrykk	18
2.2.1 Vanskelege ord	18
2.2.2 Om ord og ordforståing	18
2.2.3 Fagord og fagspråk	19
2.2.4 Fagspråk versus allmennspråk	20
2.2.5 Fagspråk versus klarspråk	21
2.2.6 Juridiske fagord	22
2.2.7 Arkaisk (retts)språk	23
2.2.7.1 Særskilte termar	24
2.3 Vagheit	25
2.3.1 Om vagt språk	25
2.3.2 Semantisk og pragmatisk vagheit	26
2.3.3 Eitt ord, fleire tydingar	27
2.3.4 Adjektiv som presiseringsreiskap	28
2.3.5 Presisjon og vagheit i juridisk språk	29
2.4 Andre problemord / spesielle uttrykksmåtar	30
2.4.1 (Lov)tilvisingar	30
2.4.2 Namn på offentlege institusjonar	30

2.4.3 Forkortingar	31
3. MATERIALE & METODE/FRAMGANGSMÅTE	32
3.1 <i>Tekstutval</i>	32
3.1.1 Eit tenkt tilfelle	33
3.1.2 Tilgjengeleg analysemateriale	34
3.2 <i>Utveljing av kategoriar/ordklasser</i>	34
3.3 <i>Fagord</i>	35
3.3.1 Underkategoriar av fagord:	36
3.4 <i>Vage ord</i>	37
3.4.1 Vagt, type uspesifisert	38
3.4.2 Vagt, type grad	38
3.4.3 Kategorisering av vagheit	38
3.5 <i>Andre ord</i>	39
3.5.1 Tilvisingar	39
3.5.2. Namn på offentlege institusjonar	39
3.5.3 Forkortingar	39
3.6 <i>Metodiske utfordringar</i>	40
3.7 <i>Samtalar om brev</i>	40
3.8 <i>Teljing</i>	41
3.8.1 Bruk av skjema	42
4. ANALYSE/RESULTAT	44
4.1 <i>Analysar</i>	44
4.1.1 Dokument 1 (skjema): Melding om uskifta bu / Melding om uskiftet bo	44
4.1.2 Dokument 2 (skjema): Erklæring om privat skifte av dødsbo / Erklæring om privat skifte av dødsbo	51
4.1.3 Dokument 3 (brevmal): Påminning attlevande ektefelle / Påminnelse gjenlevende ektefelle	54
4.1.4 Dokument 4 (brevmal): Påminning andre arvingar / Påminnelse andre arvinger	57
4.1.5 Dokument 5 (brevmal): Oversending av melde fordringar / Oversending av anmeldte fordringer	60
4.1.6 Dokument 6 (brevmal) Fristbrev rekvirent / Fristbrev rekvirent	63
4.1.7 Dokument 7 (brevmal): Følgebrev skifteattest / Følgebrev skifteattest	67
4.1.8 Dokument 8 (brevmal): Orientering om proklamautskrivning / Orientering om proklamautstedelse	70
4.2 <i>Samla resultat</i>	74

4.2.1 Alle tekstane under eitt	74
4.2.2 Oversyn og oppsummering av funn	75
4.2.2.1 Fagord	75
4.2.2.2 Vage ord	76
4.2.2.3 Andre ord	77
4.2.2.4 Nynorsk versus bokmål	77
4.3 <i>Samtalar om ein brevmal</i>	78
4.3.1 Informantar	80
4.3.2 Vanskelege ord og uttrykk	80
4.3.3 Vurdering av teksten	81
5. AVSLUTNING	83
5.1 <i>Oppsummering</i>	83
5.2 <i>Vurdering</i>	83
5.3 <i>Konklusjon</i>	84
5.4 <i>Vegen vidare</i>	84
LITTERATURLISTE	86
VEDLEGG	90
<i>Vedlegg 1: Brev og skjema (16 dokument)</i>	90
<i>Vedlegg 2: Excelskjema med analysar (16 skjema)</i>	109
Samandrag	126
Abstract	127

1. INNLEIING

Ifølgje Statistisk sentralbyrå (2015) døydde det 40 400 personar i Noreg 2014. Dette er omlag like mange som i kvart av åra 2004-2012. Det betyr at det til ei kvar tid er ei svært stor mengde arvingar i landet. *Alle* vil på eit tidspunkt bli arving, dersom dei lever lenge nok.

Berekningar i Statistisk sentralbyrå viste at både menn og kvinner ved 65 års alder i 2014 i gjennomsnitt hadde omlag 10 attståande leveår, dersom dei hadde veldig god eller god helse (SSB 2014). Folk blir stadig eldre, og etterlet seg eldre arvingar.

For dei fleste arvingar vil nok rolla som pårørande vere viktigare enn statusen som arving. Sjølv om dei fleste berre har statusen som arving i nokre månader, er det viktig å vere klar over kva rettar og pliktar dette inneber. Det er ein kjent sak at arv kan skape konflikhtar og bråk som kan gå gjennom fleire generasjonar. Misforståingar og mangel på kunnskap er blant dei moglege årsakene til slikt (Jan Havsås i Oslo byfogdembete, personlig kommunikasjon, 23. april 2015. Havsås blir presentert seinare i oppgåva).

I masteroppgåva mi vil eg sjå nærare på vanskelege ord i brev og skjema som omhandlar arv og skifte. Perspektivet mitt er klarspråkleg, og oppgåva er i all hovudsak empirisk.

1.1 Oppgåvestruktur

Denne avhandlinga er delt inn i seks kapittel. I kapittel 2 presenterer eg teorigrunnlaget for oppgåva, der klarspråk, fagspråk og vagheit er viktige overskrifter. I kapittel 3 vil eg forklare framgangsmåten for analysen, som eg skal deretter skal gjennomføre i kapittel 4. I kapittel 5 diskuterer eg funna og prøver å sjå på dei i lys av teorigrunnlaget.

1.2 Klarspråk ved dødsfall – ein utfordrande kommunikasjons-situasjon

Det å oppleve at ein av våre næraste døyrr er på alle måtar ein unntakstilstand. Sorga til dei pårørande vil vere individuell og personleg, og er gjerne avhengig av korleis dødsfallet skjer, og kor gamal den avdøde var. For nokon verkar det umogleg å skulle ta seg av formalitetane som er knytte til dødsfallet, medan andre kan finne ei trøyst i det å gjere noko konkret og handfast.

I samband med eit dødsfall må dei som er igjen gjennom ein nokså omfattande prosess, der dei kjem i kontakt med ei rekkje aktørar, både i privat og offentleg sektor. Det er mykje å ta stilling til, og mange avgjersler å ta for dei attlevande, i tillegg til alle praktiske oppgåver og utfordringar som dei må hanskast med. Nokre døme på dette er detaljar knytte til gravferd, gravlegging, eventuell minnestund og annonsering i avisa. Dei fleste får hjelp av eit gravferdsbyrå (Helsedirektoratet, 2009). I tillegg er det mange papir som må fyllast ut og sendast inn. Dei pårørande må òg sørge for å ta seg av oppgjeret for ein eventuell sjukeheims plass, omadressere eller stoppe post og seie opp medlemskap som den døde har hatt i foreiningar og trussamfunn (s.v.). Ganske tidleg etter dødsfallet blir ein nøydd til å ta stilling til arven etter den avdøde.

1.2.2 Arv og skifte

Arv er verdiane som skal overførast til slektningar og til dei som er førte opp i testament som mottakarar. Alle som skal ta i mot arv, er **arvingar**. **Skifte** tyder «deling» og handlar i denne samanhengen om måten vi overfører arv innanfor gjeldande offentlege lover og reglar¹.

Det første formelle som vanlegvis skjer når nokon døyrr, er at ein lege stadfestar dødsfallet med å skrive ut ein dødsattest. Dødsattesten blir sendt til lensmannen/politiet, som sender den vidare til tingretten (eller til Oslo Byfogdembete for dei som høyrer til i hovudstaden). Etter skiftelova har arvingane ein frist på 60 dagar etter dødsfallet med å bestemme seg for kva skifteform dei ynskjer. Eit skifte er, ifølgje

¹ Skifte kan òg omfatte deling mellom ektefellar som skil seg, men det går utanom temaet for denne oppgåva.

Jusleksikon, eit "oppgjør av et bo ved at boets midler fordeles mellom de berettigede" (Gisle, 2011). Ordet skifte vert brukt om deling av felleseige mellom ektefellar, og oppgjer av dødsbu, men *ikkje* om avvikling av konkursbu (sst.).

Når ektefellen dør, ynskjer mange attlevande å utsetje arveoppgjeret; vanlegvis til dei sjølve dør. Det kallast å sitje i uskifta bu. Det finst ulike skifteformer. Eit anna tilfelle, som òg blir belyst i oppgåva, vert omtalt i 3.1.1.

1.3 Avgrensing av oppgåva og problemformulering

Det er mykje ein kan gripe tak i ein klarspråkleg (tekst)analyse. I boka *Klarspråk i praksis* trekker forfattarane fram tre trekk (i tillegg har nummer tre, *uklart språk*, to underpunkt) som "kan – kvar for seg eller saman – påverke eller hindre forståinga ein tekst" (Senje & Aasen 2010:13):

1. **Uklart føremål:** Bodskapan kjem ikkje fram på grunn av manglande eller uklar konklusjon.
2. **Uklar struktur:** Stoffet er ikkje logisk disponert og manglar informative overskrifter.
3. **Uklart språk:**
 - a. **Hindringar på setningsplanet:** For lange og vanskelege setningar, for korte og komprimerte setningar, upersonlege setningar (passiv), substantivtunge setningar.
 - b. **Hindringar på ordplanet:** Faguttrykk, vage og upresise ord, "kanselli-ord", intern sjargong ("stammespråk"), vanlege ord som blir brukt i fagspesifikk tyding
4. **Formelle feil (rettskriving og teiknsetjing):**

Slike feil kan skape mistydingar. Eit teikn for lite eller for mykje kan endre meininga i ei setning. Skrivefeil og teiknsetjingsfeil tek òg merksemda vekk frå innhaldet og lagar "støy på linja". I tillegg skapar det eit uheldig inntrykk av skribenten.

I ei masteroppgåve er det likevel naudsynt å ikkje bite over for mykje. I denne oppgåva vil eg difor konsentrere meg om punkt 3b i lista ovanfor: nemleg problematiske *ord (og uttrykk)* som kan gjere ein tekst vanskelegare å lese. Grunnen til at eg har vald å jobbe

eine og åleine med ord og uttrykk i denne undersøkinga, er sjølv tekstmaterialet. Orda er, slik eg ser det, eit openbart problem for forståinga i desse tekstane. Det er likevel ingen tvil om at det er mogleg å finne andre problem, men desse vil ikkje bli belyst i denne oppgåva.

Føremålet med denne oppgåva er å undersøkje ordbruken i 12 brevmalar frå Oslo Byfogdembete og 4 skjema frå Statlig blankettarkiv. Alle tekstane blir undersøkt i parallellutgåver på nynorsk og bokmål, slik at det er åtte dokument. Alle desse dokumenta blir i større eller mindre grad brukt i samband med eit arveoppgjer etter dødsfall.

1.3.1 Problemstilling

Korleis kjem bruken av eit utval typar vanskelege ord og uttrykk til uttrykk i eit tekstmateriale om arv og skifte?

Undersøkinga omfattar kategoriane

- 1. fagord**
- 2. vage ord**
- 3. andre ord**

Det blir dessutan sett på:

- samanlikning av tekstar med utgangspunkt i kategoriane ovanfor.**
- samanlikning av tekstar språkleg (NN/BM)**

Hovudundersøkinga er ein tekstanalyse. Eitt brev blir dessutan undersøkt gjennom intervju med eit utval personar.

2. TEORETISK BAKGRUNN

I dette kapitlet vil eg prøve å kaste lys over tidlegare forskning som er relevant for prosjektet mitt. Det som blir kalla klarspråkforskning har ikkje ei lang historie i Noreg. Etter årtusenskiftet har det kome fleire nye bidrag, hovudsakleg i form av masteroppgåver. Eg vil sjå på nokre av desse, i tillegg til ein del anna teori om ordforståing, fagspråk og vagheit.

2.1 Klarspråk

Som nemnt i kapittel 1, har denne oppgåva eit klarspråkleg perspektiv. Klarspråk er, ifølgje Språkrådet (2015a), korrekt, klart og brukartilpassa språk i tekstar. I dette underkapitlet vil eg ta for meg klarspråk som felt, og sjå nærare på språkløfter og nynorsk i klarspråksamanheng. Eg vil i tillegg sjå nærare på tidlegare klarspråksforskning og prosjektet Klart lovspråk.

2.1.1 Klarspråk som felt

«Klart språk i staten» vart starta opp i 2008 av det dåverande Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD). Prosjektet var eit samarbeid mellom FAD, Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) og Språkrådet, og vart offisielt avslutta ved nyttår 2012. Klarspråkssamarbeidet mellom Språkrådet og Difi held likevel fram, mellom anna gjennom nettstaden www.klarspråk.no, i tillegg til kurs, støtteordningar og årleg utdeling av Klarspråkprisen (Språkrådet 2012).

Tanken om klarspråk er ikkje ny her i landet. Men medan klarspråksarbeidet i Noreg har gått føre seg litt til og frå sidan 1950 og fram til i dag, har ein i andre land i Norden, og kanskje spesielt Sverige, lenge drive aktivt på med dette. Den svenske modellen har difor vore eit naturleg førebilete for det norske klarspråksprosjektet.

Eit dokument er, ifølgje klarspråksprosjektet, skrive i klarspråk dersom mottakarane:

1. finn det dei treng
2. forstår det dei finn
3. kan bruke det dei finn til å gjere det dei skal (Kvarenes 2010).

Å arbeide for eit klarare språk betyr likevel ikkje å forenkle i alle høve, same kva det skulle koste. Margrethe Kvarenes i Språkrådet skriv at "ikke alle tekster kan være enkle, og ikke alle tekster kan være fri for fagspråk. Det viktige er at teksten er tilpasset mottakeren" (s.v.).

Staten og kommunane gir informasjon om innbyggjarane sine rettar og pliktar. Derfor er det viktig at språket i forvaltinga er klart. Likevel er det ikkje alltid mogleg å uttrykkje seg «krystallklart». Myndigheitene handsamar komplekse saker, og må ofte ta atterhald og nytte omtrentlege uttrykksmåtar. Trass i dette har myndigheitene i dei aller fleste tilfelle alt å vinne på å uttrykkje seg klart og forståeleg. Klarspråk kan hjelpe budskapen med å kome fram (Språkrådet 2015a).

2.1.2 Språkløfter

En av tre har problemer med å forstå hva som står i offentlige dokumenter og brev
(Dagsavisen 2015).

Ytringa ovanfor kom frå kommunalminister Jan Tore Sanner i mars 2014. Når ein stor del av innbyggjarane i Noreg ikkje er i stand til å forstå språket myndigheitene brukar, oppstår det ei kløft mellom staten og befolkninga. Vi kan seie at ei språkløft er ein underkategori, eller ein del, av ei informasjonskløft. Når ei slik blir danna, blir språkbruken ein del av eit demokratisk problem. Helge Omdal, pensjonert professor ved Universitetet i Agder, skriv at "det er et demokratisk og rettferdig krav at det skriftlige morsmålet skal være så brukervennlig at det ikke gir vanlige mennesker følelsen av ikke å mestre det" (Omdal 1998). Han meiner at når "vanlege" folk ikkje kan forstå lover, forskrifter og anna regelverk som regulerer liva deira, kan vi stille spørsmål ved om dei aktivt er med i, og i stand til, å påverke den demokratiske prosessen (sst.).

I 1981 vart det nedsett ei arbeidsgruppe som skulle forenkle folketrygdlova. I arbeidet vart det mellom anna lagt vekt på at språket skulle vere klart og forståeleg for brukarane, og dermed lettare å praktisere (Difi 2013). Eg kjem tilbake til anna lovspråkarbeid i delkapittel 2.1.5.

2.1.3 Klarspråk og nynorsk

Etter lova om målbruk i offentleg teneste er bokmål og nynorsk likestilte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune. Til skilnad frå nynorsk har bokmål ein lang tradisjon som administrasjonsspråk, som byggjer på dansk-tyske tradisjonar med latin som opphav. Nynorsk byggjer, som kjent, på dialektane våre, og har dermed hovudsakleg den folkelege uttrykksmåten som stilideal (Sudmann 1980:10). I boka *På saklista. Nynorsk språk- og dokumentlære for lokalforvaltninga* hevdar Jan Olav Fretland at "dei gamle stivna uttrykka frå fleire hundreår gammalt embetsmannspråk er rett og slett ikkje brukande på nynorsk" (Fretland 2006:17). Nettopp på grunn av dette hevdar mange (målfolk) at nynorsk har mange fordelar som språk i forvaltinga. Den 14. mars 2013 gjekk bokmålsmann og professor Johan Giertsen ved Universitetet i Bergen ut i *Bergens Tidende* og hevda at juridiske tekstar er betre på nynorsk. Han meiner at bokmålsbrukarar har mykje å lære av nynorsk, særleg når det gjeld å skrive eit enklare og meir tilgjengeleg språk. Ein annan professor i rettsvitskap, Jørn Øyrehagen Sunde, hevdar i same sak at jussen er avhengig av "et begrepsapparat som er utviklet på dansk og noe tysk. Begrepene har latt seg oversette til bokmål, men ikke nynorsk". Dette, meiner han, gjer at juristar som brukar nynorsk må omsetje dei juridiske omgrepa til aktivt språk, noko som er ein fordel (Bergens Tidende 2013).

2.1.4 Tidlegare forskning

I dette underkapittelet har eg valt å legge hovudvekta på klarspråkforsking etter 2000, men eg nemner òg nokre eldre undersøkingar om ordforståing.

2.1.4.1 Masteroppgåver etter år 2000

Kaja Falck-Ytter leverte i 2009 den første norske masteroppgåva om Klarspråk, etter at det norske klarspråksarbeidet hadde fått ein ny giv etter år 2000. I avhandlinga si, *Klarspråk – hva er det?* skildrar ho utviklinga i klarspråksarbeidet i Noreg og Sverige dei siste femti åra. I tillegg forsøker ho å finne ut kva som ligg i omgrepet klarspråk, og korleis ein kan få til eit vellukka klarspråksarbeid. Som metode nyttar ho kvalitativt forskingsintervju. Ho intervjuar informantar frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet, Språkrådet og språkkonsulentfirmaet Arkitektst, i tillegg til to representantar frå det svenske Språkrådet. Ho finn ut at nyare klarspråksarbeid, i større grad enn tidlegare språkarbeid, er opptatt av korleis teksten som heilskap fungerer, og

ikkje "berre" av korrekt og godt språk. Dette betyr i praksis at mottakarperspektivet er svært vesentlig i utforminga av ein tekst, som med Falck-Ytter sine ord helst skal vere "så avansert som nødvendig og så enkel som mulig" (Falck-Ytter 2009:53).

Lena Furberg skreiv våren 2010 ei oppgåve med tittelen *Vad är svårt med svåra ord?* ved Språkkonsultprogrammet på Stockholms universitet. Her analyserar ho Bolagsverket i Sverige sine fagtermer på nettet.

I oppgåva si ville Furberg finne svar på kva *vanskelege ord* eigentleg er, og kva som gjer at dei er vanskelege. Ho utførte ei brukarundersøking, der ho testa ordforståinga av elleve ord frå nettsidene til Bolagsverket på ti informantar. Informantane fekk spørsmål om tekstane generelt, kva eigenskapar dei meinte at eit "vanskeleg ord" har, og kva ord i materialet som er dei vanskelegaste.

Resultata viser at "vanskelege ord" blir definert som ord som gjer lesinga vanskelegare, men at det varierer kva ord dei ulike informantane meiner er vanskelege. Heile ni av ti av informantane i undersøkinga meiner at dei kan den korrekte fagspråklege tydinga av orda, medan det i røynda er den allmennspråklege tydinga dei kan.

Lydia Aud Marit Eidsnes leverte hausten 2013 si masteroppgåve i nordisk, ved Universitetet i Bergen, *Avdelinga kan gi nærare råd og rettleiing -- Ein kritisk diskursanalyse av brev til pasientar og brukarar*. Målet med oppgåva var å finne ut kva som fremmar og kva som hemmar dei kommunikative føremåla i brev til pasientar og brukarar på ord-, setnings- og tekstnivå. For å finne svar på dette nytta Eidsnes bl.a. kritisk diskursanalyse av Norman Fairclough. Materialet var brev til pasientar frå spesialist-helsetenesta og brev til brukarar av helsetenester i kommunane.

Dels hadde tekstane god struktur og klar ordbruk, men det fanst òg svake sider som fører til skeivt makttilhøve mellom sendar og mottakar. Omfattande bruk av passiv gjer at ansvars- og årsaksforhold er uklare. Det var dessutan uttrykk med uklart innhald, og det var vekslande bruk av uttrykk om det same.

Det var ofte motsetnad mellom tekstleg utforming og faktisk språkhandling. Det kan vere eit hinder for god kommunikasjon. Tekstane uttrykte helst hendingar og tilstandar på det ytre planet. Sjølv om det ikkje var uttrykt i direkte språkleg, var desse tekstane i kommunikasjonssituasjonen meint å fungere som påbod og lovnader, dvs. melding om kva mottakarane skal gjere og kva dei har rett til. (Eidsnes 2013:99ff).

Jan Erik Bangsund leverte oppgåva *Juridisk oversettelse – hvorfor så vanskelig?* i 2010, og **Silje Emilienne Aanderud-Larsen** leverte oppgåva *Villedende veiledning* i 2012. Begge skreiv masteroppgåver med klarspråklege tilnærmingar ved Det juridiske fakultet på Universitetet i Oslo.

Bangsund ser på kvifor omsetjing av juridisk tekst mellom ulike språk er så vanskeleg. Han tek for seg sentrale kjenneteikn ved det juridiske fagspråket og hevdar atdet skil seg frå kvardagsspråket i ein slik grad at det er relevant å snakke om eit *juridisk språk*. Han forklarar òg at det juridiske språket er kulturspesifikt, og at dette har konsekvensar for eventuell omsetjing.

Aanderud-Larsen ser på si side på kva klarspråk har å seie for gjennomføringa av rettleiingsplikta i NAV. Rettleiingsplikta skal bidra til at NAV sine brukarar får god nok rettleiing til at dei kan hevde sine rettar. På denne måten vil dei unngå at informasjonskløfta, som eg har nemnt i 2.1.2, får noko å seie ved tildeling av velferdsgode.

Iris Alice Vigerust Furu leverte masteroppgåva si, *En vegg av tekst*, i 2011. Her undersøkte ho kva vurderingar som ligg til grunn for utforminga av skjemaet *Krav om ytelse ved fødsel og adopsjon (NAV 14-05.05)*, og korleis dette viser seg i tekstane. I tillegg ser ho på forståing og bruk av skjemaet. Furu intervjuar elleve informantar samt fleire tilsette i NAV. Ho finn ut at "NAV opererer med en spesifikk tekstkultur i skjemaet, som er juridisk og faglig betinget" (Furu 2011:156), men at få av informantane deler dette normgrunlaget, eller kjenner til tekstkulturen skjemaet er ein del av. På grunn av dette hadde dei store problem med å forstå tekstane og å fullføre utfyllinga av skjemaet. Fleirtalet av informantane sa at dei måtte ta kontakt med NAV for å få hjelp, trass i at dei føretrekte å klare seg på eiga hand. Dei oppsøkte òg andre kjelder for informasjon når

NAV ikkje strakk til. Informasjonstekstane i skjemaet stiller krav til bakgrunnskunnskapar, og fleire av dei vesentlege omgrepa har tydingar som brukarane ikkje er kjende med. Dermed blir samanhengen ukjend for dei, og det blir vanskeleg å fylle ut skjemaet. Sjølv om oppgåva til Furu er intervjubasert, har den visse likskapsteikn med mi når det kjem til materiale og forståing av omgrep, som er vesentleg for å kunne fylle inn dei riktige opplysningane i slike skjema.

2.1.4.2 Forsking om vanskeleg språk før år 2000

Temaet for masteroppgåva mi går litt utanom det som ser ut til å vere dagens typiske klarspråkforsking, som hovudsakeleg tek føre seg kommunikasjonsprosessar. Her har ikkje det reinte språklege fått like mykje merksemd som i den reine forståingsforskinga, som hadde betre fotfeste for 20-30 år sidan. Her er **Nils Frick & Sten Malmström** si bok, *Språkklyftan – Hur 700 ord förstås och missförstås*, som kom ut i 1976, eit viktig bidrag. I denne undersøkinga testar forfattarane ordforståing hjå vanlege folk og oppdagar at det er ei stor kløft mellom språkbruken myndigheitene brukar og det allmenta forstår.

I Noreg prøvde prosjektet *VON (Vanskelige ord i nyhetene)*, med **Finn-Erik Vinje og Helge Østbye** i spissen, i 1976 å undersøke kor godt folk forstod 80 enkeltord frå TV, aviser og radio. Det var inspirert av det svenske *Språkklyftan*. Undersøkinga var eit fellesprosjekt mellom lærarar og studentar ved Sosiologisk institutt ved Universitetet i Bergen og ved Nordisk institutt ved Universitetet i Oslo. Respondentane skulle vere eit mest mogleg representativt utval av den norske befolkninga, og vart valde ut frå seks kommunar. Det vart gjort eit tilfeldig utval blant alle innbyggjarar mellom 15 og 79 år i kvar kommune. Hensikta var å intervjuje til saman 300 respondentar. Spørjeskjemaet som vart nytta inneheldt for det meste spørsmål om tydinga av ord, men òg ein del spørsmål om yrke, organisasjonsmedlemsskap, bustadtype etc. Dessutan vart deltakarane òg spurte om medievane sine.

Hovuddelen av spørjeskjemaet bestod av spørsmål om kjennskapen til tydinga av 80 ord henta frå nyhendemeldingar frå 1977/78. Det vart lagt vekt på å velje ut ord som var ein del i bruk. Dette vil seie ord som nyhendeoppleisarane hadde som føresetnad at folk kjende tydinga av. Nokre av orda var svært lette (som *kidnappe* og *konferanse*), og desse

skulle fungere som oppmuntring mellom dei vanskelegare orda. Det vart òg lagt vekt på at flest mogleg av orda ikkje skulle vere knytte til særskilde fagområde, men var i bruk i mange samanhengar (som til dømes orda *definitiv* og *konfrontasjon*). Dette var likevel lettare sagt enn gjort, då mange orda i nyhenda, og særleg dei vanskelegaste, er knytte til bestemte fagområde (som til dømes *likviditetslån* og *petrokjemisk*). Utvalet vart gjort etter skjønn, og det vart ikkje teke omsyn til frekvens eller opphav. Dei 80 testorda vart fordelte på ulike testformer. 40 av orda vart gitt med fleirvals spørsmål, og 40 av orda vart gitt med opne svar. Dessutan vart det veksla mellom tekst og ikkje tekst rundt orda. Teksten skulle vere nær det autentiske nyhendespråket.

Den gjennomsnittlege prosenten for rette svar var 78. Aldersmessig var gruppa 15-24 år den med lågast rett-prosent (66 prosent) og gruppa 25-44 år den med høgast rett-prosent (85 prosent). Dei to eldste gruppene synte at resultata minka med aukande alder over 45 år, sjølv om dei eldste (71 prosent) gjorde det litt betre enn dei heilt yngste. Nedgangen med aukande alder kunne i stor grad forklarast med lågare utdanning. Grunnen til dei låge tala for dei yngste og dei høge tala for dei nest yngste, kunne derimot ikkje sjåast som resultat av utdanning, men av erfaring. Lengda på allmennutdanninga hadde ikkje direkte samanheng med ordforståing, men spesialutdanning var med på å auke ordforståinga. Særleg gjaldt dette dei mest teoretiske skuleslaga, som universitet, lærarskule, tekniske skular og etatsopplæring, men i mindre grad handelsskule, yrkesskule eller sjukepleiarskule. Dei variablane som i størst grad hang saman med ordforståing var utdanning, alder og kjønn (Vinje & Østbye 1980).

Ifølgje Myking & Utne (2000) er det ikkje gjort undersøkingar av liknande storleik sidan, men i 1999 sette regjeringa Bondevik i verk ein kampanje kalla "Eit enklare Noreg". I samband med dette utførte Statens informasjonsteneste ei gransking som vart kalla "Vanskelige ord i det offentlige Norge". Målet med undersøkinga var å finne ut korleis sentrale ord i norsk politikk og samfunnsliv vert forstått av publikum, og på den måten seie noko om trongen for tiltak. Hovudmønsteret i materialet var at dei største skilnadene i ordkunnskap kan knytast til skilnader i utdanning (Myking & Utne 2000).

I masteroppgåva si, *Elevs kjennskap til historievokabular*, levert ved UiB i 1993, utførte **Kirsti Sønstabø** ei ordforståingsundersøking. Ho kartla kjennskap til aktuelle tydingar

av 40 testord hjå elevar ved tre vidaregåande skular. Undersøkinga omfatta 23 "allmenne ord" og 17 "historiske ord", alle henta frå fire historieverk for 2. Klasse i vidaregåande skule. Sønstabø slo fast tydinga av orda ved hjelp av leksikon, synonymordbøker og norske, danske og svenske ordbøker. Det teoretiske bakgrunns materialet tok hovudsakleg utgangspunkt i undersøkingane frå Språkklyftan og VON-undersøkinga.

Eit mål med oppgåva var å finne årsaker til kvifor elevane misforstod ord og svarte feil. Eit anna mål var å vise om teksten hadde påverknad på svara, altså om teksten påverka kva elevane svarte, eller talet på rette/feil svar. I undersøkinga brukte Sønstabø spørjeskjema med to ulike svarmåtar: fleirvalssvar og opne svar. Halvparten av orda vart presenterte med tekst som dels var henta frå historieverka. Nokre av testorda hadde fleire tydingar, fordi orda har fått nye tydingar i tillegg til, eller i staden for tydinga i historiepensumet. Elevane sine opne svar vart klassifiserte som rette, delvis rette, nesten urette og urette. På den måten kunne Sønstabø avgjere kva ord som var godt og dårleg kjente. Resultata synte at testforma hadde påverknad på resultatet.

Ruth Vatvedt Fjeld leverte i 1998 doktoravhandlinga *Rimelig ut fra sakens art*, ved Universitetet i Oslo. I den ser ho på tolking av ubestemte adjektiv i regelgivande språk. I avhandlinga viser ho til at adjektiv kan vere kjelde til tolkingsproblem når ein les regeljevande tekstar. Lovspråket skil seg mellom anna frå daglespråket ved at det inneheld betydeleg fleire abstrakte substantiv, noko som fører til at adjektiva som skal gradere/bestemme dei blir vanskelege å tolke. Til dømes er det lettare å avgjere kva eit kort skjørt er, enn kva ein kort frist er, sjølv om begge adjektiva uttrykker noko objektivt målbart. Fjeld nyttar Manfred Pinkal sin vagheitsteori og Manfred Bierwisch sin graderingssemantikk for å kartleggje vage, graderbare adjektiv i tre ulike lover. Fjeld ser òg på korleis kommunikasjonssituasjonen påverkar tolkinga.. Ho skriv:

Det stilles spesielle krav til tekstutformingen av regelgivende tekster som blir lest både av allmennlesere og ekspertlesere. En lovtekst er ikke forfatterens "eiendom" i samme grad som andre tekster (Fjeld, 1998:335).

Her er det altså mottakarperspektivet som kjem inn. Analysane hennar viser at dei juridiske tekstane ofte ikkje gir nødvendig bakgrunnsinformasjon for korrekt tolking.

2.1.5 Klart lovspråk

Under prosjektet "Klart språk i staten" vart det i 2011 etablert eit eige delprosjekt, "Klart lovspråk". Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Justis- og beredskapsdepartementet (JD), Kulturdepartementet (KUD), Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), Difi og Språkrådet. KMD eig prosjektet, og Difi har prosjektleiinga og ansvaret for å gjennomføre prosjektet (Difi 2015). Arbeidet inngår i regjeringa si satsing på ein enklare kvardag for folk flest, blant anna gjennom enklare lover og reglar. Aud Anna Senje skriv:

Skribenter i det offentlige er ofte bundet av teksten i regelverk. Klarere språk i regelverket kan gi klarere forvaltningsspråk på de områdene reglene gjelder. Skal en lov virke etter hensikten, må den forstås av dem den angår (Senje 2015:12).

Prosjektet skal gjere språket klarare i fire utvalde, innbyggjarretta lover. Desse lovene er, ifølgje Språkrådet (2015b):

- opplæringslova
- arvelova
- personellovene i forsvarssektoren
- adopsjons-lova.

Opplæringslova er vald fordi den er ei felles lov for grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring og difor vedkjem mange. Den er òg svært omfattande og blir revidert årleg.

Lovarbeidet i Forsvarsdepartementet omfattar eit forslag om å slå saman fire lover: heimevernloven, vernepliktsloven, forsvarspersonelloven og militærnektekterloven. Desse lovene har eit tungt og vanskeleg språk som ikkje er tilpassa dagens organisering av Forsvaret. Dei er òg utarbeidd i ulike tidsepokar. Ved å slå dei saman vil dei få felles språkdrakt, noko som er ynskjeleg.

Målsetjinga for arbeidet med **arvelova** er å få "klare og enkle regler som gir forutsigbarhet, og som virker konfliktdempende". Eit klart og brukarvenleg språk er òg høgt prioritert i arbeidet.

Den nye **adopsjonslova** skal ha brukarvenlege reglar. Ifølgje mandatet for arbeidet bør lovforslaget difor ha "en god systematikk og et enkelt og klart språk".

Målet er at språket i lovene skal bli meir forståeleg og at strukturen skal bli betre. Det er òg ynskjeleg at erfaringane frå dette arbeidet kan bidra til å utvikle ei arbeidsform som kan brukast til å utforme viktige lover som gjeld mange (Difi 2015).

Undersøkingar i Noreg og i utlandet har vist at lov- og forskriftstekstar ofte er vanskelege å forstå. Dei som skriv lovene sjeldan er opptekne av korleis tekstane vert tekne i mot av dei som skal bruke dei. Lovutkast blir sjeldan brukartesta, og på grunn av tidspress og redsel for at substansen går tapt, blir tidsriktige og klare formuleringar ofte vraka (Språkrådet 2015b).

2.1.5.1 Språklege stopparar

I innlegget på Klarspråkskonferansen på Kongsberg, 5. november 2004, snakka **Aud Anna Senje** om *Uklart juridisk språk*. I samandraget av foredraget skriv ho: "I juridisk språk finnes en mengde snublesteiner eller språklige "stoppere" som hindrer leseren/mottakeren i å komme videre i teksten" (Senje 2005). Ho deler desse problema opp i fem kategoriar:

1. Fagterminologi
2. Ord med kontekstavhengig tyding (ord som i juridisk språk får ei anna tyding enn i daglegspråket)
3. Fortidsleivingar
4. Kansellistil
5. Tåke

Senje understrekar at fleire av punkta overlappar, og at det ikkje nødvendigvis er noko skarpt skilje mellom til dømes kansellistil og tåke.

2.1.5.2 Havsås & Senje

I samband med at eg fekk masterstipend frå prosjektet «Klart språk i staten», hausten 2013, fekk eg tips frå Språkrådet om å kontakte Jan Havsås i Oslo byfogdembete. Havsås hadde tidlegare vore i kontakt med Språkrådet for å diskutere brevmalar som blir sendt

ut i samband med arv og skifte. Spesielt var det snakk om standardbrevet "Orientering til arvinger" (dette dokumentet blir kalt 4b: *Påminnelse andre arvinger* i mi oppgåve). Brevet blir sendt ut frå Oslo byfogdembete til arvingar som ikkje har tatt stilling til skifte innan 60 dagar etter eit dødsfall.

På oppmoding frå Havsås, har Aud Anna Senje i Språkrådet gått gjennom brevet. Ho har kome med kommentarar og forslag til endringar (Senje 2013), men desse er førebels ikkje tekne til følge. Eg har likevel fått tilgang til e-posten.

Senje skriv:

Språket i seg selv er ikke vanskelig, men innholdet er både komplisert og komprimert. Det aner meg at en del informasjon er underforstått. Siden man ikke kan regne med at mottakerne har denne informasjonen present (i hvert fall har ikke jeg det, jeg måtte lese brevet flere ganger og er fremdeles usikker), er det bedre å ta den inn (sst).

Senje meiner at det er viktigare for mottakarane å forstå brevet, enn at all teksten skal få plass på éi side. Ho limer inn formuleringar frå domstol.no for å utdjupe formuleringane i dokumentet, og med det lette forståinga for mottakarane.

Senje kommenterer omgrepet "Folketrygdens grunnbeløp". Ho meiner at dette ikkje er eit omgrep som er klart og tydeleg for alle potensielle mottakarar. Ho foreslår at det kan vere ein god idé å opplyse om kor ein kan finne informasjon om dette, nemleg på NAV sine nettsider.

For omgrepa "avdødes formue" og "boets verdi" og peikar ho på at ho og andre uinnvigde lesar kan få inntrykk av at dette er to ulike ord for å skildre same kapital. Når Senje les informasjon som ho finn på Justidepartementet sine heimeside, ser ho at det ikkje er det.

I tillegg ser Senje mellom anna på struktur, ho stiller spørsmål om avsnitt og ho foreslår manglande mellomtitlar. Sidan det ikkje er relevant for oppgåva mi, utelet eg det her.

2.1.5.3 Klart lovspråk? Juridiske tekstar i et verksemdsperspektiv

Den skal fungere for en jurist, men også for en mann på 80 år som har mistet kona si og lurer på om han kan sitte i et uskiftet bo. En lovtekst er en brukstekst og skal gjøre noe for deg i virkeligheten og hverdagen din (Forskning.no 2015)

Sitatet er henta frå ein omtale av Rapporten *Klart lovspråk? Juridiske tekster i et virksomhetsperspektiv* (Vatn, Eriksen & Fjørtoft 2015). Rapporten er ein del av samarbeidsprosjektet «Klart lovspråk». Forskarar og studentar ved Institutt for språk og litteratur og Program for lærerutdanning ved NTNU, har vurdert og forbetra språk og tekst i nokre av dei mest brukte lovene i Noreg.

Studien syner at det er behov for å revidere språket i alle lovene. Eitt av hovudfunna frå lesarundersøkinga er at mange av informantane opplever ord og uttrykk som gamalmodige:

Noen av disse kan utvilsomt erstattes, mens andre må vurderes ut fra juridiske og faglige hensyn. Ulike leseres ordforråd varierer, og enkelte uttrykk vil alltid kreve mer faglig eller juridisk bakgrunnskunnskap for å gi mening (Vatn, Eriksen & Fjørtoft 2015:7).

Arvelova er ei av lovene som er gjennomgått i undersøkinga. I dette arbeidet er tre grupper med informantar intervjua:

- Fire tilsette i tingretten i ein større norsk by (ein tingrettsdommar og ein administrasjonssjef (desse er dei to einaste i undersøkinga med juridisk embetseksamen), i tillegg til to saksbehandlarar med kortare juridisk utdanning.
- Tre personar som sit i uskifta bu (dei *attlevande*)
- Fire *arvemottakarar* i alderen 40–70

I intervjua kjem mellom anna følgjande fram intervjuobjekta si *oppleving* av arvelova:

- Saksbehandlarane brukar mykje tid på å forklare og «fornorske» lovspråket i møtet med innbyggjarane, og fortel at mange folk som tek kontakt har «forvirra seg sjølv» ved å lese lova. Mange arvemottakarar er i sorg og er difor dårleg førebudde på juridisk ordkløyving.

- Dei tilsette i tingretten meiner lovspråket i høgste grad treng modernisering, og at ein del termar er vanskelege å forstå, òg for profesjonelle brukarar.
- Dei attlevande skildrar lovspråket som komplisert og «ekstremt frustrerande». Dei meiner det er bortkasta tid å prøve å lese på eiga hand, og at ein er «hjelpelaus» utan juristhjelp.
- Arvemottakarane meiner at lovspråket er tungt og vanskeleg, og peikar på at juridiske ord ofte betyr noko anna enn i daglegtalet. Dei meiner det må vere mogleg å gjere lova mindre komplisert.

Eit anna tema i den same undersøkinga er *vanskelege ord og uttrykk*:

- Dei tilsette i tingrettane opplever at mange av dei nynorske termene er gammalmodige.
- Dei attlevande peikar mellom anna på at *uskifte* og *skifte* er ord som verkar framande.
- Arvemottakarane syns òg at *skifte* er ein vanskeleg term.

Arvelova, som er undersøkt ved NTNU, ligg som grunnlag for dokumenta i mi undersøking. Resultata frå denne undersøkinga er derfor relevante for vurderinga av tekstane mine.

2.1.5.4 Grunnlova

I 2012 oppretta Stortingets presidentskap ei arbeidsgruppe som, ifølgje mandatet frå presidentskapet, skulle utarbeide språkleg oppdaterte versjonar av Grunnlova på tidsmessig bokmål og nynorsk. Det skulle "tas sikte på å utforme grunnlovsbestemmelsene i et mest mulig forståelig språk etter gjeldende rettskrivningsnormer for bokmål og nynorsk" (Graver 2012). Samstundes vart det lagt vekt på at dei språklege endringane i minst mogleg grad skulle påverke meiningsinnhaldet, og at dei to språkversjonane ikkje skulle kunne tolkast ulikt. Dette er eit døme på problem som kan oppstå i skjeringspunktet mellom gamalt fagspråk og moderne klarspråk. Eg kjem tilbake til det seinare i oppgåva, mellom anna i 2.2.7, der eg tar for meg arkaisk rettspråk. I samband med jubileumsåret for Grunnlova skreiv Martin Kolberg, leiar i Stortingets kontroll- og konstitusjonskomité, i ein kronikk at "(...)det er viktig å fjerne det historiske sløret som ligger mellom folket og grunnloven"

(Dagbladet 2014). 6. mai 2014 vart det vedteke ein full språkleg revisjon av Grunnlova, som innebar ei forsiktig modernisert versjon på bokmål og ein likestilt versjon på nynorsk. Språket og rettskrivinga i fram til det stamma frå ei nøysam normalisering frå 1903.

2.2 Vanskelege ord og uttrykk

I dette underkapittelet vil eg sjå nærare på kva eit vanskeleg ord er, og kva som ligg i omgrepet ordforståing. Med dette som utgangspunkt vil eg òg sjå på klarspråk og fagspråk generelt. Til slutt går eg nærare inn på det *juridiske* fagspråket, som er spesielt aktuelt for undersøkinga mi.

2.2.1 Vanskelege ord

Kva er eit vanskeleg ord? Svaret på dette spørsmålet vil nok variere alt etter kven ein spør. Vi kan dele ordtilfanget vårt inn i *produktivt* versus *reseptivt*, altså aktivt og passivt ordforråd. Det produktive ordtilfanget brukar vi når vi snakkar og skriv, medan det reseptive er ord som vi kan forstå når vi ser og høyrer dei, men som vi ikkje sjølv brukar, til dømes fordi orda har ein markert stilverdi, eller er knytte til ei spesiell samfunnsgruppe eller ein generasjon som vi ikkje høyrer til. Det reseptive ordtilfanget kan vere minst like stort som det produktive, og inneheld gjerne ord som vi skjønar omtrentleg, men ikkje presist nok til å kunne vite akkurat når eller korleis dei skal brukast (Fjeld & Vikør 2008:61).

I oppgåva mi brukar eg ein definisjonen av vanskelege ord som omfattar berre reseptivt ordtilfang for ein person:

”Vanskelege ord er ord som ein person ikkje kjenner godt nok til å forstå kva som er meint med ordet aleine eller i ein aktuell kontekst”.

2.2.2 Om ord og ordforståing

För att förstå en text måste man förstå orden i texten. Men förståelse är inte någon enkel företeelse som antingen finns eller inte finns, utan förståelse finns i olika grader (Westman 1977:16).

I syntaksen er eit ord den minste eininga som kan brukast som setningsledd. Eit ord har både eit uttrykk (uttale/skrivemåte) og ei tyding. I boka *Att skriva bättre offentlig svenska* skriv Margareta Westman at orda i ein tekst er som små tydingseiningar. Sjølv om ein kan finne dei fleste ord og tydinga deira i ulike ordbøker, blir den eksakte tydinga av kvart enkelt ord til ut i frå samanhengen ordet er plassert i (sst.)

Ifølgje Kirsti Sønstabø (1993) er ordforståing å oppfatte ord i ein samanheng riktig. Ho skriv at ordforståing kan målast anten

1. som kjennskap til kontekst-uavhengige forklaringar, eller
2. som kunnskap om tydinga av ord i avgrensa samanhengar (Sønstabø, 1993:6).

Betydinga eller innhaldet av eit ord er alltid nært knytt til omgjevnadane, og vil ofte variere. Ulike trekk ved omgjevnadane kan òg verke inn på moglegheita for å finne eit svar. Omgjevnadane kan både vere til hjelp i tolkinga av eit ukjent ord, og dei kan seie noko om korleis eit ord som ein kjenner frå før skal forståast på ein meir nyansert måte.

2.2.3 Fagord og fagspråk

Fagterminologi er et verktøy for effektiv kommunikasjon, men forutsetningen er at termenes innhold er forstått eller forklart (Senje 2005).

Innafor eit språksamfunn finst det mange ulike specialspråk. På engelsk blir desse språka kalla LSP, som står for "Language(s) for Special Purposes". Med dette omgrepet meiner ein stort sett fagspråk, som jo ikkje eigentleg er eigne *språk*, men derimot variantar av allmennspråket. Det som hovudsakeleg skil desse frå "vanleg språk", er ordtilfanget, som vi gjerne kallar for (*fag*)terminologiar (Fjeld & Vikør 2008:56).

Men kva er ein fagterm? Ruth Vatvedt Fjeld definerer i doktoravhandlinga si ein term som "et emneavhengig ord eller uttrykk som er definert og kodifisert av autoriserte personer innen faget." (Fjeld 1998:14).

Boka *Klarspråk i praksis* stiller spørsmålet "Faguttrykk – hva gjør vi med dem?" og kjem med følgjande råd (her med mi omsetjing og omskriving til nynorsk):

1. Forklar faguttrykka. Hugs at det som er opplagd for deg som fagperson, kan vere ugjennomtrengjeleg for ein som ikkje har dine kunnskapar
2. Når du skal forklare faguttrykk eller lage ordlister: Bruk ordbøker og oppslagsverk.
3. Gi lesarane definisjonar, ikkje berre eksempel på bruk av orda. Be gjerne ein uinnvigd person om å teste forklaringane dine

Svaret på spørsmålet om kva vi skal gjere med faguttrykka er dermed, ifølgje forfattarane: "Vi skal ikke gi slipp på faguttrykkene, men vi må forklare dem for uinvidde lesere" (Senje & Aasen 2010:60f).

2.2.4 Fagspråk versus allmennspråk

I innleiinga i doktoravhandlinga si skildrar Ruth Vatvedt Fjeld fagspråk og lovspråk slik:

Fagspråk er på mange måter mer presist enn allmennspråk. En spesiell type fagspråk er det regelgivende språket, som framtrer i sin mest ekstreme form i lovspråk. Det regelgivende språket befinner seg i en mellomposisjon mellom fagspråk og allmennspråk, og har til formål å forhindre eller løse mellommenneskelige konflikter. Tolkingsuenighet kan der ikke aksepteres, og må på en eller annen måte løses (Fjeld 1998:5).

Lauren & Nordman (1987) meiner at forholdet mellom fagspråk og allmennspråk kan bli forstått på ulike måtar. På den eine sida kan vi sjå på fagspråk som ei grein av allmennspråket, sidan dei stort sett har lik grammatikk og syntaks. Dersom vi heller ser på fagspråk og allmennspråk med eit kommunikativt perspektiv kan vi seie at fagspråk er "det språkbruk som specialister inom samma område använder sinsemellan när de talar om detta område" (Lauren & Normann 1987:31). Allmennspråk er derimot språket vi brukar utan å ha ein type spesialisering som føresetnad.

Allmennspråket er fullt av ord som manglar ein eksakt definisjon. Kor mange tre skal til for at noko kan reknast som ein skog? Og kvar går grensa mellom ei bok, eit hefte, eller ein brosjyre? (Westman 1997:20). Medan vi gjerne kan kalle noko for ein "dings" i allmennspråket, er det i fagspråket ein føresetnad med betydeleg større presisjon. Då er det ikkje haldbart å snakke om til dømes "den raude tingen", slik vi gjerne gjer til dagleg i allmennspråket. Språkforskar Dag Gundersen skriv "At allmennspråket ofte er mindre

presist enn ethvert fagspråk, er klart. Det er et aksiom at det må være upresist nok til å fungere som møteplass for språksamfunnets mer enn tre generasjoner mennesker med svært varierende bakgrunn” (Gundersen 1989).

I mitt materiale finn vi mykje bruk av fagterminologi. Dette er ord som skal gjere framstillinga meir konkret og eintydig for lesaren, og mellom fagfolk med same sjargong fungerer det som regel greitt. For ein uinnvigd vil derimot denne bruken av faguttrykk kunne føre til uklarheit og misforståingar. Paradoksalt nok kan altså ord som er nødvendige for presisjonen hemme forståinga. Bladet *Statsspråk* foreslår lister med definisjonar, eller å forklare orda første gong dei blir introduserte i teksten som moglege løysingar på problemet (Statsspråk 2014).

2.2.5 Fagspråk versus klarspråk

Mange trur kanskje at klarspråk og fagspråk er to uforlikelege motsetjingar. Er det slik at klarspråk må vere heilt utan faguttrykk, spør Aud Anna Senje (2013) og svarar på sitt eige spørsmål med eit klart nei. Fagterminologi kan vanskeleg erstattast med ”vanleg språk”, og dette er heller ikkje eit mål for klarspråksprosjektet. Dei fleste typar fagområde har eigne fagspråk, som er presise, saklege og som skal sikre ein effektiv og korrekt kommunikasjon mellom fagfolka. Problemet oppstår gjerne først når fagfolk skal kommunisere med ikkje-fagfolk.

Dei ulike avsendarinstansane for offentlege tekstar har som regel eit behov for, eller blir pålagd, å skrive med ein viss fagleg standard, i tillegg til at innhaldet i tekstane skal formidlast på ein relativt objektiv, abstrakt og distansert måte. For at det heile skal gi meining for dei det gjeld, er det likevel viktig med mottakartilpassing.

Iris Alice Vigerud Furu skriv i si masteroppgåve at hennar informant i NAV ”var av den opfatning at det vanskelig lot seg gjøre å utelukke fagord og juridisk betingende begreper (...)” (Furu 2011:16). Det same ser ut til å gjelde for min kontaktperson i Oslo byfogdembete. Dette kjem eg tilbake til i 2.2.7.

2.2.6 Juridiske fagord

What may be useful shorthand to a lawyer is impenetrable gobbledygook to the layman
(Tiersma 1999:204)

Som jusprofessor Peter M. Tiersma meir enn berre ymtar frampå om i sitatet ovanfor, er det slik at juridisk språk inneheld svært mange ord som ikkje blir brukt, eller som blir brukt på ein annan måte, i allmennspråket. Tiersma kallar det juridiske språket for ein sjargong og definerer dette som "the vocabulary of a trade, occupation or profession" (Tiersma 1999:107). Terminologi og sjargong er to nærståande omgrep. Tiersma forsøker å skilje mellom dei ved å krevje at ein term skal ha ei relativt presis meining, medan sjargong er ein breiare kategori som omfattar meir enn presise tekniske termar. Han skriv:

Any words or phrase sthat are comonly and fairly exclusively used by a profession or trade – even if relatively vague – can be labeled jargon [...] Some of this jargon is useful in providing a single word where otherwise an entire phrase would be necessary, or where there is no term at all (Tiersma 1999:107).

I analysen min går orda Tiersma kallar sjargong hovudsakleg under fagord, kategori 2, sjå 3.2.1.

Ikkje berre har juridisk språk mange termar, men dei ulike juridiske felta har òg sine eigne terminologiar. Nokre gongar kan til og med tydinga til ein term variere frå spesialfelt til spesialfelt. Tiersma understrekar at det er urealistisk å forvente at det juridiske vokabularet skal vere like nøyaktig som til dømes dei naturvitskapelege vokabulara, som ofte er svært presise. Det er òg for det meste semje i det naturvitskapelege fellesskapet om kva dei ulike omgrepa inneber, som til dømes kor mange millimeter det er i ein centimeter, og kva oksygen inneheld. Juridisk vokabular refererer derimot ofte til ulike juridiske og sosiale institusjonar som endrar seg ofte. Dette fører til at terminologien òg endrar seg. Det er likevel fullt mogleg for jussen å ha presise tekniske termar, men då er det òg viktig at alle er einige om tydinga (Tiersma 1999:108ff).

Juridisk språk er eit fagspråk som på mange måtar skil seg ut frå andre fagspråk, og som har ulike tradisjonar i ulike land. På grunn av dette kan juridisk omsetjing mellom ulike

språk vere problematisk. Dette skriv Jan Erik Bangsund om i si masteroppgåve, "Juridisk oversettelse – hvorfor så vanskelig?" (Bangsund 2010).

Peter Tiersma skriv i boka *Legal Language* at "no doubt one of the things that makes legal language hardest to understand is its unusual vocabulary" (Tiersma 1999:203).

Tiersma skriv at medan ein del tekniske termar innan jussen er relativt velkjende for folk flest, er atter andre juridiske ord komplette mysterium for ikkje-juristar. Mellom desse ytterpunktta finst det termar som er meir eller mindre forståelege. Han nemner omgrepet "legal homonyms", som er ord som verkar kjende, men som har ei uventa meining for ein gjennomsnittlig person (Tiersma 2000:203). Dette er truleg det same som Aud Anna Senje kallar "ord med kontekstavhengig betydning (ord som i juridisk språk får en annen betydning enn i dagligspråket)" (Senje 2005). Desse orda kan vere eit problem, då det er vanskelig for ikkje-juristar å vite kva tyding dei rommar. Fjeld skriv om den same typen ord, at dei "ikke alltid har status som termer, men befinner seg i en gråson mellom allmennord og termer" (Fjeld 1998:16).

2.2.7 Arkaisk (retts)språk

Det norske juridiske leksikonet har mange forelda ord, uttrykk og grammatiske konstruksjonar, i tillegg til termar som stammar frå for eksempel gamalnorsk, tysk eller latin. Dette er ingen fordel når det kjem til kommunikasjon; tvert om kan det hindre forståinga og skape tvitydigheit. Ein tungtvegande grunn til å bruke konservativt, arkaisk og høgtideleg språk, er at det blir sett på som meir formelt enn allmennspråket. Men språket endrar seg stadig. Likevel er det mange som unngår språklege innovasjonar i det lengste. Derfor er formelt og arkaisk språk nært knytt saman. Tiersma skriv: " (...) because legal language often strives toward great formality, it naturally gravitates towards archaic language".

Språkforskar Dag Gundersen skriv at "Det er altså ikke slik at rettspråk engang har vært identisk med allmennspråk. Han meiner at avstanden har vakse, og at det for alvor vart merkbart i Noreg tidleg i dansketida. Då begynte dei danske orda å avløyse dei

norske, og dei latinske framandorda begynte å dukke opp i stort monn (Gundersen 1989:81).

Peter M. Tiersma samanliknar det juridiske språket med det religiøse språket. Han meiner at den språklege konservatismen innan juridisk språk kjem av vørnaden for autoritative tekstar, som til dømes religiøse tekstar, eller lova. På grunn av tanken om at desse dokumenta inneheld ei slags heilag, eller høgtsvevande, *sanning*, er det utfordrande å skulle starte ein prosess med å skrive dei om. Derfor påverkar framleis det arkaiske vokabularet og den arkaiske grammatikken det juridiske språket i merkbar grad. Ein annan grunn til å ikkje modernisere arkaiske juridiske tekstar er at bestemte ord og uttrykk gjerne har fått offisielle tydingar/tolkingar gjennom åra. Å skrive om lovar og andre forfatningar kan derfor potensielt skape kaos. I realiteten kan vi nok heller seie at det ikkje er slik at juridiske tekstar ikkje kan moderniserast, men det krev litt forsiktighet.

Tiersma nemner òg ein siste grunn for den språklege konservatismen innan jussen; reint praktiske årsaker. Det er både økonomisk og tidssparande å halde fram med å resirkulere same gamle skjema og brev. Resultatet blir at det "oppstylda" språket som kanskje har blitt brukt i fleire tiår, stadig blir kopiert opp i nye, men tilnærma like, versjonar. Tiersma meiner at det gjer noko med korleis vi oppfattar teksten:

Archaic language also seems particularly authoritative, perhaps even majestic. Using antiquated terminology bestows a sense of timelessness on the legal system, as something that has lasted through the centuries and is therefore deserving of great respect (Tiersma 1999:97).

2.2.7.1 Særskilte termar

Vi foretrekker å bruke pregede termer. Juss er en vitenskap og har sin terminologi med definerte begreper som gir rette assosiasjoner. Andre ord gir andre, og "feil" assosiasjoner. På den annen side er riktige ord som gir feil eller ingen assosiasjoner for arvingene også en dårlig løsning." (Havsås personleg kommunikasjon 23. april 2014)

Jan Havsås i Oslo byfogdembete meiner det vil vere uheldig å bruke allmennspråklege ord om arv og skifte, fordi han syns det er eit viktig poeng å understreke at dette ikkje er kvardagslege tema. Han "ser ein fare ved å bruke vanlege ord om uvanlege ting". Dette er fordi ein stor del av desse prosessane er lovregulerte og det er difor "viktig at folk

skjønner at det er lovregulert, at det de gjør får konsekvenser” (sst.). Havsås legg samstundes vekt på at omsynet til mottakarane kan krevje andre løysingar.

Han bruker termen ”gjeldsansvaret” som døme på juridisk terminologi. Dersom folk i eit arveoppgjer skriv under på at dei tek over gjeldsansvaret etter ein avdød person, så er det viktig å vere klar over at dette er eit stort og lovregulert ansvar, som ein ikkje kan seie frå seg ved behov (sst.). Havsås skildrar folk sitt møte med domstolen slik:

Domstolene er bundet av lover og regler og det er mange rammer. Det er viktig å kunne spillereglene. Om man ikke skjønner at det finnes spilleregler, blir man fort en taper i spillet (sst.).

Det er altså ikkje ei utan vidare ei god løysing å erstatte termar med meir kvardagsleg språk, for at folk skal forstå meir av breva dei må hanskast med. Det er òg juridiske omsyn.

2.3 Vagheit²

I dette underkapittelet vil eg ta for meg språkleg vagheit og sette dette i samanheng med juridisk språk. Eg vil òg sjå nærare på semantisk og pragmatisk vagheit og adjektiv som presiseringsreiskap.

2.3.1 Om vagt språk

Filosofar har lenge vore opptekne av vagheit og korleis dette fenomenet blir uttrykt i språket. Språkfilosofar og semantikarar har hovudsakleg drøfta problem knytte til vagheit for å påvise behovet for eit meir presist, kunstig språk. På den andre sida har vagheit blitt lite behandla i samband med konkret, språkleg analyse (Fjeld 1998).

I språkvitskapen strekker diskusjonen om ord har ei fast tyding, eller om all ordtyding er vag og flytande seg svært langt tilbake i tid i språkvitskapen. Den tradisjonelle

² Kva er ”vaghet” på nynorsk? I ein e-post 30.10.2014 skriv Åsta Norheim, seniorrådgjevar i Språkrådet: Eg kjenner ikkje noko innarbeidd nynorsk ord for ”vaghet”. Derfor trur eg at eg vil råde deg til å skrive ”vagheit”. Som du sjølv skriv, treng du jo eit substantiv. Endinga ”-heit” kan brukast for å lage substantiv med abstrakt tyding på nynorsk, særskilt når ein ikkje har godt etablerte substantiv frå før. Sjå Nynorsordboka: <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=-heit&begge>.

oppfatninga er at ord har ei fast og avgrensa tyding. Dersom det er usikkerheit om tydinga, kan ein finne det endelege svaret i ei ordbok. Utvida kunnskap om tyding av ord i verkeleg språkbruk syner derimot at tydinga varierer frå ein samanheng eller situasjon til ein annan. Vi kan difor seie at alt naturleg språk til ein viss grad er vagt, og at denne vagheita truleg er ein føresetnad for at språket skal fungere i menneskeleg kommunikasjon (Vikør & Fjeld 2008).

I boka *Att skriva bättre offentlig svenska* skriv språkforskaren Margareta Westman at vi kan velje å legge ei språkleg framstilling på ulike nivå. Det som etter hennar meining skil dei ulike nivåa, er først og fremst ordvala vi gjer. Ei allmenn framstilling krev vage, og gjerne fleire, ord enn ei meir spesifikk framstilling. Westman understrekar at det ikkje er noko ulempe at mange ord er elastiske, fordi det gjer at ein kan snakke om nye ting og fenomen utan problem. Samstundes kan slike ord føre til misforståingar og uklarheit (Westman 1977:20).

Det norske klarspråksprosjektet, som vil unngå vage ord, vurderer det slik at dei blir brukte for å unngå presisisjon:

I dokumenter fra det offentlige er nok vage og upresise ord enda mer utbredt enn kanselliord. Vi griper gjerne til slike ord når vi vil unngå å forplikte oss, eller dersom vi ikke vil at budskapet skal vekke anstøt. Vi kan også velge vage ord fordi vi ønsker å pynte på språket eller dekke over ubehagelige sannheter (Senje & Aasen 2010:67).

2.3.2 Semantisk og pragmatisk vagheit

Vagheit kjem til syne på ulike måtar. Ruth Vatvedt Fjeld skriv at "*vagheten kan være semantisk eller pragmatisk, dvs at den oppstår pga forhold ved selve språkssystemet, eller pga forhold ved språkbrukerne og de situasjonene språket brukes i* (Fjeld, 1989:101). Fjeld tek opp dette både i doktoravhandlinga si (Fjeld 1998, særleg side 23–27) og i artikkelen *Vaghet i lovene* (Fjeld 1989).

Dei fleste vage ord og uttrykk er *vage i eigenskap av seg sjølv(e)*. Døme på slike ord kan vere: "snart", "få", "eldre" og "vakker". Mange slike ord kan ein avklare tydinga av i ein kontekst, og bli einig om kva som meinast med "snart" eller "få år" i ein bestemt

samanheng. Dette blir kalla semantisk vagheit. Fjeld reknar gradord-/uttrykk inn under semantisk vagheit.

Ofte les vi tekstar med *ord/uttrykk som vi manglar kontekst til å forstå omfanget av*. Døme på slike uttrykk kan vere: "mest hensiktsmessig" eller "det lønner seg". Det er i hovudsak denne siste typen vagheit eg tek for meg i oppgåva mi. Dersom meininga med slike uttrykk ikkje lar seg løyse ved hjelp av kontekst i bestemte kommunikasjons-situasjonar, vil dei derfor vere vage i brukssituasjonen. Fjeld kallar vagheit i brukssituasjonen for *pragmatisk vagheit*, jamfør sitatet ovanfor.

Semantisk vagheit vil i ein bestemt pragmatisk samanheng kunne bli presis, medan pragmatisk vagheit i praksis er slik at deltakarar i ein kommunikasjonssituasjon ikkje kan finne ut kva som er meint på grunn av manglande kunnskap.

2.3.3 Eitt ord, fleire tydingar

M. Lynne Murphy ser i boka *Lexical Meaning* (2010) på det faktum at det same ordet kan bety ulike ting i ulike kontekstar. For eksempel brukar ordet "friend" som døme på eit ord som kan vere vagt. Ordet kan bli brukt både i tydinga om *mannleg ven* og *kvinneleg ven*, utan at sjølve ordet kan gi svar på kven av dei det er snakk om i kvar enkelt situasjon. Ho lagar derfor to definisjonar for å dekke tydinga:

- 1) "a male person with whom one has a relationship of mutual affection"
- 2) "a female person with whom one has a relationship of mutual affection"

Samstundes, skriv Murphy, kan vi lett lage ein enkelt definisjon av ven som dekker begge desse tilfella, nemleg:

- 3) "a person with whom one has a relationship of mutual affection"

Dette talar for at ordet er vagt og ikkje tvitydig (ambiguous). Dersom "friend" er vagt, så kan det i nokre kontekstar referere til ein person som er kvinne, og i ein annan kontekst referere til ein person som er mann. Dette gjeld òg på norsk.

2.3.4 Adjektiv som presiseringsreiskap

M. Lynne Murphy deler adjektiva inn i "absolute adjectives", som er adjektiv som ikkje kan graderast, som "død" eller "rund", og "gradable adjectives". Eksempel på sistnemnde kan til dømes vere høg, grøn, sint eller kjedeleg. Murphy skriv:

Gradable adjectives denote properties that can be had at different strengths – which is to say that all tall people are not the same height, all boring people are not equally dull, and so forth (Murphy 2010:227).

Graderbare adjektiv kan modifierast ved hjelp av forsterkande ledd, slik som "ho er *ganske høg*" eller "han er *veldig* kjedelig". Sidan slike graderbare adjektiv inneheld ulike målbarheitsverdiar, kan vi bøye dei i positiv, komparativ og superlativ.

I ein kontekst er tolkinga av adjektiv sterkt påverka av substantivet adjektivet modifierer. Fjeld skriv at "alle gradsadjektiv får deler av sitt innhold ved at de relateres til noe (...) Gradsadjektivene får avgrenset betydning først når de ses i relasjon til en bestemt type gjenstander, de bestemmer ikke selv en avgrenset mengde objekter".

Nokre adjektiv er vanskelegare å presisere enn andre. Dei enklaste er dei "eindimensjonale", som til dømes tung og lett. Pinkal (i Fjeld 1998:23–27) nemner adjektivet "begavet" som eit eksempel på eit adjektiv som er vanskeleg å tolke. Dette er fordi tolkinga av "mangedimensjonale" adjektiv av denne typen alltid vil vere kontekstavhengig. Fjeld skriv:

Da slike flerdimensjonale gradsadjektiv ofte brukes som presiserende elementer i regelgivende tekster, f.eks. hensiktsmessig (hensiktsmessige løsninger), blir det opp til brukerne av loven hvordan de vil tolke begrepet, og det blir derved et rom for skjønn (Fjeld 1998:31f).

Fjeld brukar dømet: "*Dersom en person har vesentlig innskrenkede muligheter til å skaffe seg arbeid, ...*"

Denne setninga blir vag på grunn av ordet "vesentleg". Kva som ligg i ordet vil variere frå tilfelle til tilfelle. Vi er avhengige av ei presisering dersom vi skal forstå tydinga fullt ut. Uttrykk som dette blir ofte brukt i mitt materiale, som inneheld mange typisk generelle utsegner som krev lovar og reglar (Fjeld, R.V. & Vikør 2008:83).

2.3.5 Presisjon og vagheit i juridisk språk

Juristar ynskjer gjerne å vere så presise som mogleg. Likevel blir lovspråket ofte skildra som eit språk fullt av ord og uttrykk med vage og fleksible tydingar. Juristar nyttar gjerne slik terminologi nettopp fordi den er så fleksibel.

Peter Tiersma nyttar ordet "reasonable" som døme på vagt juridisk språk. Ordet blir mellom anna nytta i uttrykket "beyond a reasonable doubt", i tilknytning til vurdering av skuld i straffesaker. På norsk blir dette formulert som "heva over all rimeleg og fornuftig tvil" (bokmål; "hevet over enhver rimelig og fornuftig tvil"). For å kunne domfelle nokon i ei straffesak, må påtalemakta bevisе at den tiltalte er skuldig. Det er ikkje tilstrekkeleg med sannsynsovervekt; at det er meir sannsynleg at den tiltalte er skuldig, enn at han eller ho ikkje er det. All tvil skal kome den tiltalte til gode, men det er likevel ikkje all type tvil som skal takast omsyn til. I norsk rett er beviskravet formulert slik at det må bevisast "utover enhver rimelig og fornuftig tvil" at den tiltalte er skuldig i den aktuelle straffbare handlinga (Kandidatnummer 205:2012).

Sjølv om dette er eit krav som er meint å skulle tydeleggjere kva retten skal ta omsyn til i skuldvurderinga, er det likevel ein vag og svært fleksibel term. I praksis vil det variere veldig kva som er rimeleg og fornuftig. Det som forsvararen meiner er rimeleg og fornuftig tvil, vil kanskje påtalemakta sjå på som ei meir og mindre laust fundert bortforklaring og usanning.

Til tross for enkelte moglege utfordringar, er det vage og fleksible språket òg nyttig. Det gjer at innhaldet i lova kan tilpassast ulike situasjonar og miljø innan domstolane. Det gjer at det innanfor lova er mogleg å handtere både nye situasjonar som er garantert å oppstå i framtida, og skiftande normer og standardar (Tiersma 1999:79f). Det same skriv Laurén og Nordmann:

Juridisk språkbruk kritiseras för vaghet, mångtydighet och komplexitet. Realiteten bakom anklagelsarna står att söka i det faktum att verkligheten bakom lagerna och förordningarna är kolpicerad och i att lagen bör beakta många olika parter. Det finns alltså ett behov av vaghet i uttrycken som gör det möjligt att kompromissa och tilfredsställa kontrahenter med olika utgångssyn (Laurén & Nordman 1987:161f).

2.4 Andre problemord / spesielle uttryksmåtar

Denne tredje gruppa av vanskelege ord inneheld ord og uttrykk som ikkje passar inn under kategoriane fagord eller vage ord. Dei kan skape problem for forståinga og blir typisk brukt i juridiske brev av den typen som eg skal analysere. Denne kategorien er igjen delt inn i tre: tilvisingar, namn på offentlege institusjonar og forkortingar. Kvar av desse blir skildra under.

2.4.1 (Lov)tilvisingar

Juridiske tekstar tek utgangspunkt i lova, og difor inneheld dei svært ofte tilvisingar til lova. Ei lovtilvising viser altså til ein tekst som mottakaren ikkje automatisk har tilgang til. Mottakaren har gjerne heller ikkje særleg føresetnad for å forstå teksten, med mindre han eller ho får ein jurist til å forklare den. Ei lovtilvising vil gjerne berre vere relevant for avsendaren. Ved å inkludere den i teksten, vil vedkomande "ha sitt på det tørre". For mottakaren blir dette derimot fort ein uforståeleg uttryksmåte, som har lite relevans.

Døme frå tekstmaterialet:

"Dersom (...), vil saken bli avvist, jf. rettsgebyrloven § 3 sjette ledd" (Dokument 6b: Fristbrev rekvirent).

"Arveavgiftslova er oppheva for arv etter dødsfall som skjer frå og med 1. januar 2014" (Dokument 7n: Følgjebrev skifteattest).

2.4.2 Namn på offentlege institusjonar

I brevmalane frå domstolsadministrasjonen blir det ofte referert til andre statlege institusjonar. Fleire døme på dette kan vi finne i brevmalen "Orientering om proklamautskrivning", der mellom anna Skatteetaten, Statens kartverk og Lausøyreregisteret blir nemnde. Dette er institusjonar som stadig skiftar namn og funksjon, og som folk flest ikkje nødvendigvis har oversikt over. Mange av institusjonane går under fleire ulike namn. Til dømes har *kemner* og *kommunekasserar* same funksjon. I blant blir også ordet skatteinnkrevjar nytta i staden.

2.4.3 Forkortingar

Korte ord er stort sett ein bra ting når det gjeld klarspråk. Men forkortingar er eit unntak frå regelen. Sjølv ganske vanlege forkortingar kan gjere ein tekst mindre tilgjengeleg. I *Norsk for kontorbruk* (2002) skriv Ruth Vatvedt Fjell at ei forkorting skal vere ei praktisk forenkling av eit lengre ord eller uttrykk, og ikkje ein hemmeleg kode, eller eit forvirrande språkleg element. Dersom vi skal ta i bruk ei forkorting, må vi vere sikre på at alle som skal lese det vi skriv, kjenner til tydinga av forkortinga. Tekstar som skal lesast av "alle", bør difor ikkje nytte andre forkortingar enn dei som er aller mest innarbeidde i allmennspråket. Den mest vanlege typen forkortingar i mitt materiale er såkalla "latskapsforkortingar". Desse brukar vi når vi skriv noko som er unøyaktig. Fjell skriv:

Det krever mye å være helt ufullende, presis og uangripelig. For å sikre oss mot kritikk eller innvendinger føyer vi derfor ofte til et dempende (modifiserende) ledd, som regel i forkortet form (Fjell 2001:28).

Døme:

BM: Oversending av original uskifteattest m.v. (med videre)

NN: Oversending av original uskifteattest o.a. (og anna)

Dette er to døme på forkortingar henta frå overskriftene i høvesvis bokmåls- og nynorskversjonen av følgjebrevet til ein potensiell uskifteattest.

3. MATERIALE & METODE/FRAMGANGSMÅTE

I dette kapitlet vil eg presentere framgangsmåten for analysen min. Målet for oppgåva er å finne ut kva ord i tekstane mine som vanskelege, og *kva som gjer* at dei er vanskelege. For å finne svara, vil eg først identifisere problemorda gjennom nærlesing, og deretter sjå om nokre problem går igjen. Deretter vil eg prøve å kategorisere orda ut i frå teorien som er tilgjengeleg, og prøve å vise ulike døme.

3.1 Tekstutval

I denne oppgåva vil eg undersøke verkelege brevmalar og skjema som vert nytta i samband med arveoppgjer. Kontaktpersonen min ved Oslo byfogdembete, Jan Havsås, har gitt meg tilgang til 16 brevmalar, på bokmål og nynorsk, som blir nytta. Desse er ikkje offentleg tilgjengelege, men ligg i Domstolenes saksbehandlingssystem LOVISA. Eg kom i kontakt med Jan Havsås gjennom Språkrådet, og besøkte han på kontoret hans i Oslo Tinghus i april 2014.

I tillegg til brevmalane vil eg analysere to mykje brukte skjema som ligg ute på «Statlig blankettarkiv». Ifølgje Jan Havsås vart desse tidlegare skrivne ut frå Statens trykkeri, men dei er no berre tilgjengelege på Internett. Mange får òg tilgang til skjemaa gjennom gravferdsbyrå, eller ved å kontakte lensmannskontoret/politistasjonen eller tingretten (Personleg kommunikasjon 23. april 2014).

Arv og skifte er eit komplekst juridisk felt, men er aktuelt for mange. For å gjere eit utval av dokumenta, har eg valt å konstruere ein/fleire situasjon(ar), for å vise korleis desse dokumenta blir brukte i røynda.

3.1.1 Eit tenkt tilfelle

Brit Hansen er gift med Per Hansen. Begge er fødte i 1935. I 2010 blir Brit enkje, då Ole dør etter lang tids sjukdom. Brit har vore heimeverande i store delar av sitt yrkesaktive liv, medan Ole har jobba som ingeniør i ei stor bedrift. Det er òg han som har hatt det økonomiske og administrative ansvaret i familien. Brit har aldri sett seg inn i noko av dette, og kan knapt sitt eige fødselsnummer.

Brit og Ole har to born i lag, Lise og Per. Dei hjelper mora med å fylle ut skjemaet "Melding om uskifta bu (Påkrav om uskifteattest).

Nokre år seinare dør Brit plutselig. På dette tidspunktet får Lise og Per ein mistanke om at økonomien til mora ikkje har vore heilt under kontroll. Dei blir redde for å arve gjeld, og bestemmer seg for å be tingretten utstede proklama. Det inneber at det vert rykka inn annonse i lokalavisa, i tillegg til Norsk Lysingsblad, der det står at alle som den avdøde skulda pengar, må melde frå innan seks veker. Gjeld som ikkje blir meld innan fristen, fell bort. Dette heiter *preklusivt* proklama.

Offentlig skifte tyder at det er skifteretten, og ikkje arvingane, som står for skiftet. Anna Louise Beer skriv

Her må ordet "offentlig" ikke tas i den vanlige betydningen av ordet, som noe som foregår åpenlyst og tilgjengelig for alle og enhver. Offentlig skifte betyr bare at det er skifteretten som administreret dødsboskiftet, som da foregår etter reglene i skifteloven (Beer 2001:113).

Fram til 1991 var offentlig skifte hovudregelen i skiftelova, medan privat skifte vart skildra som ei unntaksordning. Dette er no endra, slik at privat skifte er hovudregelen, og offentlig skifte skjer berre i unntakstilfelle.

I skiftelova står det at minstekravet for offentlig skifte er at "boets midler antas tilstrekkelig til å dekke utgiftene ved begravelsen og skifteomkostningene" (Beer 2001:113f). Dersom dette ikkje vert innfridd, må dei som krev offentlig skifte stille sikkerheit for skiftekostnadane (sst.)

3.1.2 Tilgjengeleg analysemateriale

Dokumenta eg skal analyse er delte inn etter tal og bokstavar, der *b* står for bokmålsversjon og *n* står for nynorskversjon.

Dokumenta eg skal analysere består av nokre av dei mest vanlege breva, altså dei som er i bruk av flest folk. Nokre av dei har med er sjeldnare i bruk. Dette gjeld dei som handlar om proklama (dokument 4, 5, 6 og 8).

1. Dokument 1n: *Melding om uskifta bu* (skjema)
2. Dokument 1b: *Melding om uskiftet bo* (skjema)
3. Dokument 2n: *Erklæring om privat skifte av dødsbu* (skjema)
4. Dokument 2b: *Erklæring om privat skifte av dødsbo* (skjema)

5. Dokument 3n: *Påminning attlevande ektefelle* (brevmal)
6. Dokument 3b: *Påminnelse gjenlevende ektefelle* (brevmal)
7. Dokument 4n: *Påminning andre arvingar* (brevmal)
8. Dokument 4b: *Påminnelse andre arvinger* (brevmal)
9. Dokument 5n: *Oversending av melde fordringar* (brevmal)
10. Dokument 5b: *Oversending av anmeldte fordringer* (brevmal)
11. Dokument 6n: *Fristbrev rekvirent NN* (brevmal)
12. Dokument 6b: *Fristbrev rekvirent* (brevmal)
13. Dokument 7n: *Følgebrev skifteattest* (brevmal)
14. Dokument 7b: *Følgebrev skifteattest* (brevmal)
15. Dokument 8n: *Orientering om proklamautskrivning* (brevmal)
16. Dokument 8b: *Orientering om proklamautstedelse* (brevmal)

3.2 Utveljing av kategoriar/ordklasser

For å sortere ut dei vanskelege orda og uttrykka i materialet mitt, er eg avhengig av å i nokon grad nytte skjønn. Eg vil lese gjennom kvart brev og skjema fleire gongar, og deretter setje opp ei liste med ord og uttrykk som eg sjølv opplever som vanskelege for forståinga. Brev og skjema eg brukar i undersøkinga skal i utgangspunktet kunne lesast og fyllast ut av "alle", noko som òg inkluderer meg. Det finst ikkje liknande undersøkingar som eg kan ta utgangspunkt i.

Eg vil liste opp dei vanskelege orda og uttrykka frå kvart av dokumenta opp i ulike Excel-skjema og forsøke å kategorisere dei. Spørsmåla blir då:

1. Kva er det som gjer orda vanskelege?
2. Er det mogleg å finne eit mønster?

Som nemnt i teorikapittelet deler Aud Anna Senje inn problemord i kategoriane fagterminologi, ord med kontekstavhengig betydning, fortidslevningar, kansellistil og tåke. Ved å bruke heile fem kategoriar blir det mykje overlapping, og eg vel difor å dele alle orda inn i følgjande tre kategoriar:

- 1. Fagord**
- 2. Vage ord**
- 3. Andre ord**

Dette er fordi desse kategoriane dominerer i materialet, og lagar tydelegare vanskar enn til dømes lange setningar og passiv.

Eg deler kvar av kategoriane igjen opp i fleire underkategoriar. Dette kjem eg tilbake til nedanfor når eg skildrar kvar enkelt kategori.

3.3 Fagord

Fagorda har ulik vanskegrad etter kor godt kjende dei er blant folk. Det er ingen objektiv måte å dele fagorda inn etter kor vanskelege dei er, men eg har funne det mest tenleg å bruke ordbøker for å kategorisere dei.

For å avgjere kva av orda som er reine juridiske fagtermar, vil eg nytte *Jusleksikon* (JL) av Jon Gisle.

Som tilleggverk har eg valt Karl Arne Utgård si bok, *Juridisk og administrativ ordliste* (Utgård 2002) og Einar Hansen og Åge Lind si *Norsk-engelsk økonomisk-juridisk ordbok*

(Hansen & Lind 2010). Dette for å fange opp ord som ikkje er fagtermar, men som blir brukt i (jus-)faglege samanhengar.

For å kategorisere dei orda som då står igjen, brukar eg *Norsk Riksmålsordbok* (1937-1995) *Den store norske bokmålsordboka* (Kirkeby 2014) og *Norsk illustrert ordbok* (Guttu 1993). Her vil eg leite spesielt etter forklaringar og døme som viser at orda blir nytta hovudsakleg administrativt/juridisk/økonomisk etc.

3.3.1 Underkategoriar av fagord:

Eg deler fagorda inn i tre ulike undergrupper:

1. Kategori 1: Reine fagtermar

Henta frå *Jusleksikon*, eller utleia av ord frå *Jusleksikon*.

2. Kategori 2: Andre "fagord"/administrative ord

Henta frå *Juridisk og administrativ ordliste*, eller *Norsk-engelsk økonomisk-juridisk ordbok*, eller utleia av ord frå desse to bøkene.

3. Kategori 3: Meir allmenne "fagord"

Henta frå *Norsk riksmålsordbok*, *Den store norske bokmålsordboka* eller *Norsk illustrert ordbok*, eller utleia frå ord/døme i desse bøkene.

Ord som er merkte som fagord, eller som blir brukt i faglege døme i desse allmennordbøkene hamnar i kategori tre.

I inndelinga finst det tvilstilfelle. I dokument 6, *Fristbrev rekvirent* kan det nok til dømes heilt klart diskuterast om ordet "gebyr" i mindre grad enn til dømes ordet "forskudd" er eit fagord. Grunnen til at det har blitt slik her, er utvalet som er gjort i dei ulike ordbøkene eg nyttar. I *Juridisk og administrativ ordliste* finn vi det første ordet, men ikkje det andre. Ordet finst i *Norsk riksmålsordbok*, fordi det er eit ord som òg blir brukt ein god del i allmennspråket.

Ein del fagord blir òg nytta i allmennspråket, men då gjerne med ei anna, eller ei vidare, tyding enn som fagord.

Aud Anna Senje nemner ordet "begjære" som eit ord med ulik tyding i daglegspråk og fagspråk. I vanlig språkbruk tyder det "å ha lyst på", medan det i juridisk samanheng tyder å oppmode eller krevje (Senje, 2005). Peter M. Tiersma kallar slike ord, som kan sjå ut som "vanleg språk", men som eigentleg er juridisk språk, for "legal homonyms".

Eit ord som blir mykje brukt i mitt tekstmateriale er "arving". Dette er eit vanleg ord som dei fleste har i sitt ordregister. Nynorskordboka definer ein arving som ein "person som arvar eller skal arve". Dersom vi slår opp på fagtermen "arving" i *Jusleksikon*, blir tydinga av ordet noko meir komplisert og detaljert. Her har ordet to ulike forklaringar, alt etter kva lov som definerer det. Etter *skiftelova* er ein arving ein "person som etter reglene i arveloven, eller etter testament, overtar det arvelateren etterlater seg helt ut eller etter et fastsatt forhold (...)". Etter *arveloven* er ein arving "enhver som etter arvelovens regler eller etter testament inntreer i avdødes etterlatenskaper". I den siste tydinga omfattar omgrepet òg legatarar, altså personar som er "tilgodesett i et testament" (Gisle 2011).

3.4 Vage ord

For å avgjere kva ord som er vage, kjem eg ikkje utanom å bruke eige skjønn. Eg har landa på visse tolkingar, trass i tvil, og vel å gå for det som verkar mest rimeleg.

Det viser seg å være svært vanskeleg å kategorisere vagheit, men eg gjer eit forsøk på å skilje mellom to tendensar: uspesifiserte ord og gradsord, jamfør Murphy. Desse kategoriane/orða glir mykje over i kvarandre, og grensene er ofte flytande. Eit ord som går under grad kan òg fort vere uspesifisert.

Eg deler dei vage orða inn i underkategoriane:

1. Uspesifiserte ord og uttrykk
2. Grads-ord/-uttrykk

3.4.1 Vagt, type uspesifisert

Eit døme på eit uspesifisert ord er "hensiktsmessig". Ordet er henta frå dokument 1 (Erklæring om privat skifte av dødsbo). I analysen av dette ordet, i 4.1.1, gjer eg greie for kvifor dette ordet kan skape problem. Tolkinga av ordet er avhengig av tilhøve som ikkje kjem tydeleg fram i teksten.

3.4.2 Vagt, type grad

Eit døme på eit vagt ord av typen grad er ordet "venteleg". I dokument 8 (Orientering om proklamautskrivning), står denne setninga i linje 15 : "Proklamafristen vil venteleg gå ut om ca. to månader". Brukt slik er «venteleg» eit typisk adjektiv som kan plasserast på ein tenkt gradsskala. Problemet her blir likevel at adjektivet gir såpass liten informasjon at det ikkje vil gi nokon tydeleg beskjed om kva det inneber.

3.4.3 Kategorisering av vagheit

Det er til tider svært vanskeleg å bestemme kva kategori eit vagt ord passar i. Eg har gjort mange skjønnsvurderingar i fleire av tilfella, og avgjerane er vanskelege. Ulike personar vil nok vurdere kategoriseringa ulikt (same person vil nok gjerne òg endre oppfatning ved ny lesing).

Under er nokre døme på gradord og uspesifiserte ord, slik eg har kategorisert dei, henta frå tekstane. I analysen skildrar eg korleis vagheita er vurdert i fleire av døma.

- grad

Ord/uttrykk	Dokument
tilstrekkelige	Dokument 1b: Melding om uskiftet bo
truleg	Dokument 2n: Erklæring om privat skifte av dødsbo
viktigaste	Dokument 8n: Orientering om proklamautskrivning
vanlegaste	Dokument 8n: Orientering om proklamautskrivning
venteleg	Dokument 8n: Orientering om proklamautskrivning

- uspesifisert

Ord/uttrykk	Dokument
"løner seg"	Dokument 1n: Melding om uskifta bu, skjema
hensiktsmessige	Dokument 1b: Melding om uskifta bu, skjema
dei ulike alternativa / de forskjellige alternativene	Dokument 3n/b: Påminning attlevande ektefelle / Påminnelse gjenlevende ektefelle
Det er då ikkje nok /det er da ikke nok	Dokument 2n: Erklæring om privat skifte av dødsbu / Erklæring om privat skifte av dødsbo
eventuelle	Dokument 7b: Følgrebrev skifteattest

3.5 Andre ord

Dei orda som ikkje passar inn under fagord og vage ord, plasserer eg under kategori 3: "Andre ord". Denne kategorien deler eg igjen opp i tre underkategoriar: lovtilvisingar, namn på offentlege institusjonar og forkortingar.

3.5.1 Tilvisingar

Lovtilvisingar er svært vanlege i juridiske tekstar. Dei er ofte merkte med ordet "paragraf", eller tegnet "§", ordet "jamfør" eller forkortinga "jf.", eller med namnet på ei spesiell lov. Døme på tilvisingar i materialet mitt er:

- skiftelova § 81 / skifteloven § 81
- www.regjeringen.no
- grunnbeløpet i folketrygda

3.5.2. Namn på offentlege institusjonar

Som nemnt i innleiinga av oppgåva må dei attlevande etter eit dødsfall hanskast med mange ulike offentlege og private instansar. Ein del av desse blir det vist til i breva frå Domstolsadministrasjonen. Døme på slike institusjonsnamn er:

- Justisdepartementet
- Oslo byfogdembete

3.5.3 Forkortingar

Tekstmaterialet mitt inneheld ein del forkortingar. Nokre av desse er så mykje brukt i allmennspråket at dei ikkje er til å ta feil av, som til dømes «ca.» og «kr.». Etter mitt syn

er difor ikkje kr. "eit" vanskeleg ord. "ca." går derimot under kategorien *vagt, uspesifisert type*). Døme på forkortingar som kan vere vanskelege er:

- Jf. (jamfør)
- M.v. (med vidare)
- Inkl. (inklusive)

3.6 Metodiske utfordringar

Som det går fram av teorikapittelet, er det gjort få undersøkingar om fagspråk og vage uttrykk i eit klarspråksperspektiv. Det er derfor få metodiske førebilete. Avhandlinga er nødvendigvis i stor grad empirisk.

Det er få førebilete for klassifisering av dei vanskelege orda i oppgåva, fordi det finst svært få liknande undersøkingar og lite teori som kan bygge opp om avgjerslene. Det har difor ikkje vore til å unngå å bruke eige skjønn. I inndelingane av fagord og vage ord har dette vore spesielt utfordrande.

Eg valde å bruke ordbøker for å dele inn fagorda. Det vart eit omfattande arbeid som tok mykje tid. Tilgangen på juridiske ordbøker er ikkje så stor, så eg måtte òg ta i bruk allmennordbøker.

Det er lite faglitteratur om språkleg vagheit. Ruth Vatvedt Fjeld deler vage ord inn i mange ulike kategoriar, men eg vel å løyse det med å berre dele orda i to grupper. Dette er utfordrande nok, sidan det er mykje overlapping sjølv innafor desse to kategoriane.

3.7 Samtalar om brev

For å sjå analysane mine i samband med mottakarperspektivet, gjennomførte eg òg samtalar med nokre moglege brukarar om eitt av breva i materialet mitt. Det er åtte personar, fire med høg og fire med låg utdanning. I praksis hadde dei to gruppene ulikt aldersspenn, slik det vil gå fram i analysekapittelet. Brevmalen vi snakka om var Dokument 4b: *Påminnelse andre arvinger*. Hensikta var å spørre dei forsto utvalde ord og uttrykk, og korleis dei oppfatta brevet.

3.8 Teljing

Eit viktig mål i denne oppgåva er å oppnå eit nokolunde handfast resultat. Eg ønskjer derfor å kome fram til konkrete tal som kan seie noko om materialet. Dette er prega av skjønn, fordi det er ikkje presise grenser for kva som er fagord, og kva som er vage uttrykk. Eg vil telje alle dei vanskelege orda i kvar tekst, inkludert underkategoriene fagord, vage ord og andre ord. Ved å telje både unike tilfelle av kvart ord og talet på førekomstar samanlagt, vil eg kunne seie noko om kor stor del av kvar tekst som vert omfatta av vanskelege ord.

I brevmalane vel eg å telje med "alt", medan eg i skjema gjer eit utval, for at ikkje analysetekstane skulle bli for lange. Nedanfor er to døme, der eg har utheva analysetekstane med farge:



Adressat
Postadresse2
PostnummerOgSted
LandUInnattNorge

Dok
SaksDokNr

DereReferanse VårReferanse Dok
DereReferanse VårReferanse BrevDato

Friet for innbetaling av forskudd på gebyr m.v.
SaksnummerLang: Avdøde AvdoedesNavn

Vi viser til begjæring om offentlig skifte i ditt brev av []

Før offentlig skifte kan åpnes, må det foreligge sikkerhet for skiftekostnadene. Kostnadene, som hovedsakelig består av gebyr til staten og salær til bobestyreren, må betales på forskudd.

Alternativt må det dokumenteres at boet utvilsomt har tilstrekkelige midler til å dekke skiftekostnadene. Dette kan gjøres for eksempel ved hjelp av likningsutskrift sammen med en ny utskrift av avdødes bankkonto.

Du vil få tilsendt faktura på kr []. Dersom gebyret ikke er betalt innen den fristen som er satt i fakturen, vil saken bli avvist, jf. rettsgebyrloven § 3 sjette ledd. Alternativt kan det innen samme frist sendes inn til retten slik dokumentasjon for at boet har tilstrekkelige midler til å dekke kostnadene som er nevnt foran.

Vi gjør oppmerksom på at skiftekostnadene kan komme på et høyere beløp enn det som er nevnt foran.

Med hilsen
Embete

User
UserTitle:lower

Postadresse Sentrbord Saksbehandler Bankpro Organisasjonsnummer
Kontoradresse Tellestat Telefon Ekspedisjonstid InternettID:post

Tøm skjema

MELDING OM USKIFTET BO
(BEGJÆRING OM USKIFTEATTTEST)

De gule feltene må innføres/leses ut av alle eksterne som ønsker uskifte. Disse feltene er tilgjengelige hvis avdøde verken etterlater seg samboer eller særskilte livsarvinger. Ellers må særskilte livsarvinger må også de grønne feltene innføres/leses ut. Hvilke avdøde samboer, må også de rosa feltene innføres/leses ut.

Før det begyennes uskifte, bør det høye kundens hvorvidt dette er den mest hensiktsmessige ordning for gjenværende ektefelle. Hvis som skifter seg, vil saken bli avvist, jf. rettsgebyrloven § 3 sjette ledd. Alternativt kan det innen samme frist sendes inn til retten slik dokumentasjon for at boet har tilstrekkelige midler til å dekke kostnadene som er nevnt foran.

Før offentlig skifte kan åpnes, må det foreligge sikkerhet for skiftekostnadene. Kostnadene, som hovedsakelig består av gebyr til staten og salær til bobestyreren, må betales på forskudd.

Alternativt må det dokumenteres at boet utvilsomt har tilstrekkelige midler til å dekke skiftekostnadene. Dette kan gjøres for eksempel ved hjelp av likningsutskrift sammen med en ny utskrift av avdødes bankkonto.

Du vil få tilsendt faktura på kr []. Dersom gebyret ikke er betalt innen den fristen som er satt i fakturen, vil saken bli avvist, jf. rettsgebyrloven § 3 sjette ledd. Alternativt kan det innen samme frist sendes inn til retten slik dokumentasjon for at boet har tilstrekkelige midler til å dekke kostnadene som er nevnt foran.

Vi gjør oppmerksom på at skiftekostnadene kan komme på et høyere beløp enn det som er nevnt foran.

Med hilsen
Embete

User
UserTitle:lower

Postadresse Sentrbord Saksbehandler Bankpro Organisasjonsnummer
Kontoradresse Tellestat Telefon Ekspedisjonstid InternettID:post

Til skifteretten i

Opplysninger om avdøde

Fullt navn: Fødselsnr. (11 siffer):
Boilgadresse: Dødsdato:

Opplysninger om gjenværende ektefelle

Fullt navn: Fødselsnr. (11 siffer):
Boilgadresse: Telefon nr.:

Opplysninger om avdødes arvinger

Hvis avdøde etterlot testament/egenlig testament, sett kryss her og vedlegg testament.
Her føres opp alle andre arvinger etter avdøde enn gjenværende ektefelle og eventuelle særskilte livsarvinger (barn, adoptivbarn eller avkom av disse fra tidligere ekteskap eller født utenfor ekteskap).
Avdødes eventuelle særskilte livsarvinger må føres i neste rubrikk.
For utnyttede arvinger må verges navn og adresse påføres linjen under den aktuelle arving.

AVDØDES ARVINGER (utenom eventuelle særskilte livsarvinger):

Fullt navn	Fødselsdato	Adresse	Slektskap med avdøde
1.			
2.			
3.			
4.			
5.			
6.			
7.			
8.			

Dersom tilførsel her er for knapp, så forbeholdt fortegnelse over arvinger på eget ark.

AVDØDE ETTERLOT SEG FØLGENDE SÆRSKILTE LIVSARVINGER (Oppgi også eventuelle verges):

Fullt navn	Fødselsdato	Adresse	Slektskap med avdøde
1.			
2.			
3.			
4.			

GA-5331 B (Godk.) 12.04 Elektronisk utgave side 1 av 4

Døme på utval av tekst i brev + skjema

Døme på teljing i praksis:

- Eg kor mange ord det er til saman i kvar dokumenttekst
- Eg tel telefonnummer og internettadresser som *eitt* ord.
- Døme: Rettsgebyrloven § 3 sjette ledd = *fem* ord (§ står her for paragraf og blir difor telt som eit eige ord, medan til dømes punktum og komma ikkje blir telt).
- Eg tel *ikkje* med saksnummer og namn øvst i breva (sjå bilde av brev)
- Eg tel alle vanskelege ord, og deler dei inn i kategoriane
- Til slutt reknar eg ut kor stor prosent av teksten kvar kategori utgjer

3.8.1 Bruk av skjema

Som utgangspunkt for kvar enkelt analyse, har eg eit Excel-skjema. Her er eit døme på excelskjemaet som er brukt for å analysere dokument 8b, Orientering om proklamautskrivning (alle excelskjema er vedlegg i oppgåva):

1	Dokument 8b: Orientering om proklamautskrivning (brevmal) BM	Linje	1. fag, tal i kvart	2. vag, tal i kvart	3. anna, tal i kvart	Kommentarar	tal på førekomstar	1. fag, alle ord	2. vag, alle ord	3. adr, alle ord	sum alle vskl	
2												
3	orientering	1	1			Juridisk og administrativ ordliste, NRO "orientere, tyding	1	1	0	0		
4	proklamautstedelse	1	1			Jusleksikon, utleidd frå "proklama"	1	1	0	0		
5	(vi har) mottatt	3	1			NRO, tyding 1, adm. døme.	1	1	0	0		
6	begjering	3	1			Jusleksikon	2	2	0	0		1. Fagterminolog
7	utstedelse	3	1			Juridisk og administrativ ordliste	1	1	0	0		2. Vagheit
8	preklusivt proklama	3	2			Jusleksikon	1	2	0	0		3. Anna
9	gebyret	3	1			NRO, økonomisk/administrativ	1	1	0	0		
10	proklama	4	1			Jusleksikon, sjå preklusivt proklama	1	1	0	0		
11	(vil bli) utstedt	4	1			Juridisk og administrativ ordliste	1	1	0	0		
12	med det første	4		3		vagt, uspesifisert	1	0	3	0		
13	(nedenfor) nevner (vi)	5	1			NRO, 2b, adm	1	1	0	0		
14	viktigste			1		vagt, grad	1	0	1	0		
15	vanligste	5		1		vagt, grad	1	0	1	0		
16	kravene	5	1			NRO, "krav, økonomisk/administrativ,	2	2	0	0		
17	(som ikkje) faller bort	5	2			NRO, bort, tyding a2, adm	1	2	0	0		
18	(ikke) prekluderes	6	1			Jusleksikon, "preklusjon	1	1	0	0		
19	(bli) meldt	6	1			DSN, jus, "anmelde (BM)	1	1	0	0		
20	(du) bør (selv)	6		1		vagt, uspesifisert	1	0	1	0		
21	eventuelt (undersøke)	6		1		vagt, uspesifisert	1	0	1	0		
22	slike	6		1		vagt, uspesifisert?	1	0	1	0		
23	skatte- og avgiftskrav	7	2			NRO, "krav, økonomisk/administrativ, tyding 2	1	2	0	0		
24	opplysninger		1			Juridisk og administrativ ordliste	4	4	0	0		
25	skatt		1			Jusleksikon	1	1	0	0		
26	kemneren	7	1			Jusleksikon	1	1	0	0		
27	merverdiavgift	8	1			Jusleksikon	1	1	0	0		
28	skatte Staten	8			1	Namn på offentleg institusjon	1	0	0	1		
29	pantekrav	9	1			NRO, utleidd av "krav, tyding 2, økonomisk/administrativ	1	1	0	0		
30	fast eiendom	9	2			Jusleksikon, "fast eiendom (BM)	1	2	0	0		
31	inkl.	9			1	forkorting	1	0	0	1		
32	selvjeirleiligheter	9	1			Jusleksikon	1	1	0	0		
33	Statens kartverk i Hønefoss				4	Namn på offentleg institusjon	1	0	0	4		
34	den enkelte			1		vagt, uspesifisert	2	0	2	0		
35	kreditor	10	1			Jusleksikon	2	2	0	0		
36	pantekrav		1			Jusleksikon, utleidd av "pant	1	1	0	0		
37	adkomstdokumenter	11	1			Norsk-engelsk økonomisk-juridisk ordbok	1	1	0	0		
38	aksje- eller borettslagsleiligheter	11	2			Jusleksikon, "aksjeleilighet (BM)	1	2	0	0		
39	boligselskaps		1			Norsk-engelsk økonomisk-juridisk ordbok	1	1	0	0		
40	forretningsfører	12	1			NRO, "forretningsfører (BM), økonomisk/administrativ	1	1	0	0		
41	Statens kartverk				2	Offentlig institusjon	1	0	0	2		
42	Løserregisteret i Bønnøysund				3	Offentlig institusjon	1	0	0	3		
43	proklama listen	15	1			Jusleksikon, utleidd frå "proklama"	1	1	0	0		
44	ventes	15		1		vagt, grad	1	0	1	0		
45	å utløpe		1			Norsk-engelsk økonomisk-juridisk ordbok	1	1	0	0		
46	ca. to måneder	15		3		(forkorting +) vagt, uspesifisert	1	0	3	0		
47	fristen	15	1			Juridisk og administrativ ordliste	1	1	0	0		
48	utløpt	15	1			NRO, adm (sjå døme)	1	1	0	0		
49	(få) tilsendt	15	1			NRO, "tilsende, forretningsverden	1	1	0	0		
50	(de kravene som er) meldt	16	1			DSN, jus, "anmelde (BM)	1	1	0	0		
51			39	13	11		55	45	4	11	70	
52												
53	ORD I TEKSTEN, TOTALT: 152						152	29,6	9,2	7,2	46,1	

I tillegg til skjemaet i Excel brukar eg eit mindre skjema for kvart av dokumenta for å presentere tala inne i sjølve analysen. Dette er eit døme på skjemaet, henta frå 4.1.2:

Total: 356	Fagord			Vage ord		Andre ord			Sum	% av tekst
Unike	68			13		5			86	
Førekomstar	122			13		6			141	
% førek. av tekst	34,3			3,7		1,7				39,6
Undergrupper	K1	K2	K3	Usps.	Grad	Lovt.	Inst.	Fork.		
	34	25	9	6	7	4	1	0		

Tabell 2n: Dokument 2n: Erklæring om privat skifte av dødsbu (skjema)

Eg vil no skildre korleis skjemaet skal lesast:

Ruta **Total** viser kor mange ord som finst samanlagt i analyseteksten, som i dette tilfellet altså er 356.

Rada **Unike** står for kor mange unike tilfelle det finst av høvesvis fagord, vage ord, andre ord og samanlagt.

Rada **Førekomstar viser** alle samanlagte førekomstar av fagord, vage ord, andre ord og samanlagt.

Rada **% av tekst** viser kor stor prosentdel av analyseteksten som er høvesvis fagord, vage ord og andre ord.

Rada **Undergrupper** viser til underkategoriane av fagord, vage ord og andre ord, som òg blir skildra i teksten som høyrer til skjemaet.

Kolonna **Sum** gir talet på kor mange ord som samanlagt utgjer høvesvis unike tilfelle eller førekomstar av vanskelege ord (fagord + vage ord + andre ord)

Kolonna **% av tekst** viser kor stor prosentdel av teksten som er vanskelege ord (fagord + vage ord + andre ord)

4. ANALYSE/RESULTAT

I dette kapitlet vil ta føre meg alle dokumenta, og sjå nærare på førekomstane av ord og uttrykk i dei ulike kategoriane som eg har skildra i dei tidlegare kapitla. Kvar av tekstane er tilgjengelege som vedlegg til oppgåva. Kvar tekst har òg eit tilhøyrande analyseskjema (Excel-vedlegg), som legg grunnlaget for den vidare analysen. Til slutt i kapitlet vil eg summere opp funna og sjå på tendensane i materialet. I del 4.2.1 finst ein samletabell som det er nyttig å sjå i samanheng med tabellane for kvar tekst i del 4.1.

4.1 Analysar

Eg vil ta for meg eitt og eitt tekstpar (nynorsk + bokmål) med utgangspunkt i tilhøyrande dokument.

4.1.1 Dokument 1 (skjema): Melding om uskifta bu / Melding om uskiftet bo

Skildring av dokumentet

Dette dokumentet er eit skjema som er tilgjengeleg for alle via nettsidene til Statlig blankettarkiv (www.signform.no). Skjemaet finst både i bokmåls- og nynorskversjon, og blir brukt når ein attlevande ektefelle ynskjer uskifta bu, altså å mellombeles utsetje arveoppgjeret.

Tekstane av dei lengste i materialet, og er eit fire sider langt skjema med rubrikkar for utfylling, med tilhøyrande informasjon om korleis det skal fyllast ut. Eg har valt å berre ta for meg dei første 14 linjene av nynorskbrevet. Denne delen, som inneheld informasjon til dei som skal fylle ut skjemaet, har til saman 214 ord, inkludert overskrift. Bokmålsversjonen har same utforming som nynorskversjonen. På same måte som for nynorskversjonen, vil eg for bokmålsskjemaet berre sjå på dei 14 første linjene. Teksten inneheld 204 ord, altså ti ord mindre enn nynorskvarianten.

Total: 214	Fagord			Vage ord		Andre ord			Sum	% av tekst
Unike	29			37		14			80	
Førekomstar	43			38		14			95	
% førek. av tekst	20,1			17,8		6,5				44,4
Under-grupper (unike ord)	K1	K2	K3	Usps.	Grad	Lovt.	Inst.	Fork.		
	16	9	3	20	17	11	3	0		

Tabell 4.1.1n: Skjema 1n: Melding om uskifta bu.

Skjema 1b

Total: 204	Fagord			Vage ord		Andre ord			Sum	% av tekst
Unike	32			38		14			84	
Førekomstar	44			39		14			97	
% førek. av tekst	21,6			19,1		6,9				47,5
Under-grupper	K1	K2	K3	Usps.	Grad	Lovt.	Inst.	Fork.		
	20	9	3	30	8	11	3	0		

Tabell 4.1.1b: Skjema 1b: Melding om uskiftet bo.

Oversyn over vanskelege ord (Sum)

Denne nynorskteksten har til saman 95 førekomstar av alle typane vanskelege ord. Dette utgjer 44,4 prosent av teksten, og er over snittet for alle dei undersøkte tekstane. Av orda i teksten er 20,1 prosent fagord, 17,8 prosent vage ord og 6,5 prosent andre ord. Bokmålsteksten til saman har 97 vanskelege ord, to meir enn nynorskskjemaet. Dette er til saman 47,5 prosent av teksten. 21,6 prosent av teksten er fagord, 19,2 prosent er vage ord og 6,9 prosent er andre ord.

Fordelinga av ord er ganske lik når det gjeld fagord og heilt lik når det gjeld andre ord. Når det gjeld vage ord, har nynorskskjemaet 20 uspesifiserte og 17 gradsord, medan bokmålsskjemaet har heile 30 uspesifiserte og berre 8 gradsord.

Fagord

Nynorskteksten har den aller lågaste prosenten med førekomstar av fagord av alle tekstane. Eg reknar 29 av orda som unike fagord. Som vi kan sjå av skjemaet, er heile 16 av desse reine fagtermar.

I bokmålsteksten, som inneheld 204 ord, ti mindre enn nynorskteksten, kan vi sjå i skjemaet at 32 går under kategorien fagord, der reine fagtermar, altså kategori 1, er den definitivt største kategorien. Dei fleste dokumenta i det totale utvalet har ei klar overvekt av reine fagord (K1) og administrative fagord (K2). Desse to tekstane er blant få tekstar med klart fleire reine enn administrative fagord. Utvalde døme på fagord i denne teksten er vist nedanfor.

Kategori 1: uskifta bu / uskiftet bo, påkrav/begjæring, , uskifteattest, særeige, livsarvingar, aktiva, gjelda/gjelden

Fagtermane "uskifta bu", "uskifteattest", "særeige" og "livsarvingar" er arve- og skifterettslege termar, medan "aktiva" og "gjelda" kan reknast som meir reine økonomiske fagtermar. "Påkrav" er her nytta som nynorsk motpart til ordet "begjære".

Kategori 2: avlidne/avdøde, etterlet/etterlater, orientering, vil avhenge

"Avlidne", eit ord med eit noko alderdommeleg preg, er her er vald framfor alternativet "avdøde" på nynorsk. Begge formene finst i *Juridisk og administrativ ordliste*, men truleg ligg "avlidne" noko lenger unna allmennspråket enn "avdøde". Det ber òg litt meir preg av høgtid.

Kategori 3: Særskilte, sitje i (uskifte med) / sitte i (uskifte med)

Vage ord

Nynorskteksten har den nest høgste prosenten av vage ord, berre så vidt slått av den parallelle bokmålsteksten. Vagheitsprosenten i desse to dokumenta skil seg klart frå resten av dokumenta. Snittet på vagheit for alle tekstane ligg på 8,6 prosent (sjå samletabell i 4.2.1), og prosenten her er difor meir enn dobbelt så høg som dette (nn: 17,8; bm: 19,1). Av vage ord/uttrykk er det 37 unike, og av desse er det ei ørlita overvekt av dei uspesifiserte orda/uttrykka. Utvalde døme på uspesifiserte ord og gradsord er viste nedanfor. I bokmålsteksten reknast 38 ord som vage, og her er det ei stor overvekt av dei uspesifiserte orda.

Denne teksten har nokre typisk problematiske vage uttrykk, som til dømes «den mest hensiktsmessige ordning» og «kva som «lønner seg»». Saman med nokre andre døme, er desse kommentert nedanfor.

Vagt, type uspesifisert

I linje 7 i nynorskskjemaet er uttrykket "lønner seg" i setninga "Kva som "lønner seg" vil avhenge av ei rekkje tilhøve (...)" i utgangspunktet vagt, fordi det er uklart kva som eigentleg er meint, og kva det viser tilbake på, men det blir enda vagare når avsendaren har vald å setje uttrykket i hermeteikn. Vi kan seie at vagheita dermed blir intendert, fordi avsendaren ikkje sjølv er tydeleg på kva som er meint. I bokmålsordboka ser vi at uttrykket "lønner seg" blir skildra med orda "gi god fortjeneste, gi rimelig vederlag", noko som i praksis verkar litt rart i denne situasjonen.

I det første avsnittet i bokmålsskjemaet står det følgjande:

Før det begjæres uskifte, bør det nøye vurderes hvorvidt dette er den mest hensiktsmessige ordning for gjenlevende ektefelle. Hva som "lønner seg" vil avhenge av en rekke forhold, blant annet verdien av aktiva og størrelsen på gjelden, hvilke arvinger/gruppe av arvinger det eventuelt er aktuelt å sitte i uskifte med, forsikringsutbetalinger og annen arv som vil gå inn i uskifteboet, samt ikke minst gjenlevende ektefelles alder og inntektsforhold.

I linje 1 i utdraget finn vi substantivfrasen «den mest hensiktsmessige ordning». Her er det ordet «hensiktsmessig» som isolert sett fører til at uttrykket blir vagt. «Hensiktsmessig» er eit adjektiv som i bokmålsordboka blir definert slik; «som virker etter sin hensikt, formålstjenlig». Det kjem ikkje klart fram i sjølve teksten kva som er «ordninga» som det vert vist til, og heler ikkje kven denne gjeld. For å forstå kva uttrykket betyr i denne konteksten, må vi sjå på vagheit på fleire nivå. Formuleringa(ne) er kompleks(e), og inneheld så mange atterhald, at det er vanskeleg å forstå og tolke innhaldet.

Den vidare teksten gir nokre haldepunkt om ordet «hensiktsmessig». Alle desse er òg uspesifisert vage. Det er lista opp ein del moment å ta omsyn til når den attlevande skal vurdere om, og når eit skifte er aktuelt å gjennomføre. Det vage og upresise "blant annet" tilseier at momenta som er lista opp berre er eit utval moglege faktorar å leggje vekt på i vurderinga.

For at "hensiktsmessig" skal kunne gi meining for den attlevande, må han eller ho gjere ei konkret vurdering av innhaldet i, og konsekvensen av kvart av momenta som er lista opp. På same måte må vedkomande gjere vurderingar av andre moment som er relevante, men som ikkje er lista opp.

Her er det altså vagheit på mange nivå. Ordlyden vil i liten grad bidra til ei klargjering for mottakaren i den konkrete situasjonen. Den bidreg neppe heller til ei generell klargjering av meininga med, og innhaldet i dei momenta som er lista opp.

Skjemaet har fleire sider med rubrikkar som skal fyllast ut. Desse er meint som hjelp til konkretisering og klargjering. Dei bidreg ikkje tilstrekkeleg til å kunne forstå kva som er det mest føremålstenlege og lønsame for den attlevande i den konkrete situasjonen. Skjemaet gir i praksis først og fremst informasjon til det offentlege om storleiken på arven, og korleis midlane skal fordelast.

Fordelinga må i praksis gjennomførast ved å velje den måten som totalt sett er mest føremålstenleg («hensiktsmessig»), som praksis vil seie den mest lønsame,

beste og/eller moglege måten. Det vil vere eit skjøn som den attlevande må gjere, gjerne i samråd med familien. Skjemaet er vagt i forma og gir uklar forståing og lite konkret rettleiing om kva som er mest føremålstenleg.

Vagt,type grad

I dei to tekstane finn vi, som nemnt, òg mange gradsuttrykk.

Uttrykka "ei rekkje (tilhøve)", "somme (orienteringar)" og "(i) ein del tilfelle" i nynorskskjemaet viser til ulike mengdeforhold, der vi kanskje kan seie at "somme" og "ein del" nok kan vere om lag like mykje i teorien, medan "ei rekkje" ser ut til å gjelde eit tal som er "signifikant høgere enn det kontekstspesifikke gjennomsnittet", på same måte som ordet "mange", som Ruth Vadvedt Fjeld skildrar i doktoravhandlinga si. Uspesifiserte standardar av denne typen kan gi tolkingsproblem (Fjeld, 1998:33).

I nynorskteksten viser "ei rekkje tilhøve" (linje 6 (n)) til ulike forhold som spelar inn når mottakaren skal finne ut kva som er den mest formålstenlege løysinga for skiftet som skal utførast. Desse forholda blir så lista opp på ein kort og ganske ufullstendig måte.

Setninga "Somme orienteringar får ein også i dette skjemaet" (linje 10-11? (n)) viser til informasjonen om skifte som er integrert i skjemaet.

Uttrykka "den mest høvelege ordninga" (linje 6 i nynorskskjemaet) og "den beste ordninga" (linje 13 (n)) viser til det Fjeld kallar "grader av kvalitetsrelaterte relasjonar" (Fjeld, s. 85), men gir lite konkret informasjon utanom at dei faktisk viser til noko positivt og ikkje noko negativt.

Orda "tilstrekkelige" (linje 3 (b)), "nærmere" (linje 12 (b)), "svært" (linje 14 (b)) høyrer alle til på ein type skala(er), fordi dei uttrykker målbarheit. Punkta på skalaen er ikkje presise, og orda gir difor svært lite eksakt informasjon.

Andre ord

I nynorskteksten finn vi 14 ord som går under kategorien "andre ord" (vist med typane nedanfor). Førekomstane omfattar 6,5 prosent av teksten, og dette er litt over snittet for andre ord i tekstane. Bokmålsteksten har, som den tilsvarande nynorskteksten, tre namn på offentlege institusjonar og 11 tilvisingar, som til saman er 14 ord av typen "andre ord". Dette utgjer 6,9 prosent av bokmålsteksten

Typiske eksempel på offentlege institusjonar/tilvisingar/forkortingar er viste nedanfor.

(Lov)tilvisingar/spesialkunnskap:

- *Skjemaet erklæring om privat skifte av dødsbu / skjemaet erklæring om privat skifte av dødsbo*
- *Orientering til attlevande ektefelle / orientering til gjenlevende ektefelle*

Dette er eksterne tekstar som mottakaren sjølv må finne fram til, og som truleg ikkje er kjende for mottakarane.

Namn på offentlege institusjonar:

- *Tingretten*
- *Byfogden*
- *Justisdepartementet/Justisdepartementets*

Øvst i brevet står det "Til tingretten/byfogden i" (linje 1). Dette er namna på dei moglege etatane skjemaet skal sendast til etter at det er fylt ut. Både tingretten og byfogden er namn på statsorgan. Det er for så vidt positivt at det blir nemnd i teksten kor skjemaet skal sendast når det er fylt ut, men likevel vil nok namna på desse to institusjonane, og deira rolle, vere ukjende for mange.

4.1.2 Dokument 2 (skjema): Erklæring om privat skifte av dødsbu / Erklæring om privat skifte av dødsbo

Skildring av dokumentet

Dette skjemaet er tilgjengeleg på nettsidene til Statlig blankettarkiv. Skjemaet finst både i bokmåls- og nynorskversjon, og blir brukt når arvingane ynskjer å skifte buet privat, noko som er det mest vanlege å gjere.

Desse to tekstane er dei lengste i undersøkinga mi. På same måten som dei to andre skjema, består dei av rubrikkar som skal fyllast ut, og tilhøyrande informasjon. Eg har valt å ta for meg linjene 1–2 og 29–46 i nynorskskjemaet og linjene med tilsvarende innhald i bokmålsskjemaet. Den delen av nynorskteksten som eg har valt å sjå nærare på, har til saman 356 ord. Bokmålsteksten har 290, altså monaleg mindre. Dei to skjema skil seg òg noko frå kvarandre i utforming..

Total: 356	Fagord			Vage ord		Andre ord			Sum	% av tekst
Unike	68			13		5			86	
Førekomstar	122			13		6			141	
% førek. av tekst	34,3			3,7		1,7				39,6
Undergrupper	K1	K2	K3	Usps.	Grad	Lovt.	Inst.	Fork.		
	34	25	9	6	7	4	1	0		

Tabell 4.1.2n: Skjema 2n: Erklæring om privat skifte av dødsbu.

Total: 290	Fagord			Vage ord		Andre ord			Sum	% av tekst
Unike	58			13		5			76 !	
Førekomstar	109			13		6			128 !	
% førek. av tekst	37,6			4,5		2,1				44,1
Undergrupper	K1	K2	K3	Usps.	Grad	Lovt.	Inst.	Fork.		
	30	21	7	8	5	3	2	0		

Tabell 4.1.2b: Skjema 2b: Erklæring om privat skifte av dødsbo.

Oversyn over vanskelege ord (Sum)

Nynorskteksten har til saman 141 førekomstar av alle typane vanskelege ord. Dette utgjer 39,6 prosent av teksten, noko som er litt over gjennomsnittet for vanskelege ord i tekstane i undersøkinga. Av dette er 34,3 prosent fagord, 3,7 prosent er vage ord og 1,7 prosent er andre ord.

Bokmålsteksten har òg 141 førekomstar av vanskelege ord, og det utgjer 44,1 prosent av teksten. Fagord utgjer 37,6 prosent, og det resterande er 4,5 prosent vage ord og 2,1 prosent andre ord.

Fagord

Medan gjennomsnittet for fagord ligg på 27,8 prosent, har dette skjemaet 34,3 prosent i nynorskversjon og heile 37,6 prosent i bokmålsversjon. I nynorskteksten finn vi 68 unike fagord. Halvparten, altså 34 av desse orda, er reine fagtermar (kategori 1).

Bokmålsteksten har 58 unike fagord, og over halvparten av desse er reine fagtermar, altså kategori 1, medan 21 av orda er i kategori 2 og 7 av orda i kategori 3, som er nær det mest brukte mønsteret i utvalet, med konsentrasjon om desse typane fagord. Utvalde døme på fagord i teksten er vist nedanfor.

Kategori 1: dødsbu/dødsboer, myndig, verjene/vergene, heftar (dei),

Medan "dødsboer" er eit arve- og skifterettsleg omgrep, kan vi seie at "myndig", som har tydinga "person som har full rettslig handleevne, slik at vedkommende kan inngå avtaler og disponere over sine midler uten samtykke av verge" og "vergene", med tydinga "person som har rett til å bestemme over økonomiske forhold for en som er umyndig, og som også har visse andre plikter overfor den umyndige" (begge tydingane er henta frå *Jusleksikon*) er meir allmennjuridiske fagord.

Kategori 2: overtaking/overtakelse, orientering, ansvaret, avlidne/avdøde

Kategori 3:

Tek på seg / påtar seg, solidarisk

Vage ord

Nynorskteksten har ein prosentvis liten del vage ord (i alt 13 ord). Av desse høyrer 6 ord under kategorien uspesifisert og 7 under kategorien grad. Bokmålsteksten har òg 13 vage ord, der 8 er uspesifiserte og 5 er gradord. Det er om lag som det vanlege mønsteret i heile utvalet. Utvalde døme på vage ord er viste nedanfor.

Substantivet "Hovedregelen" i setninga "Hovedregelen er at dødsboer skal skiftes privat" (linje 2) fører til at setninga blir vag. Ordet har tydinga "viktig(aste) regel, grunnregel" i nynorskordboka. I denne samanhengen blir derfor tydinga at det mest vanlege er at dødsboer skal skiftes privat, men at det òg finst unntak frå denne "regelen".

Andre ord

I nynorskteksten går 5 ord under kategorien "andre ord", der 4 er tilvisingar og 1 viser til ein offentleg institusjon. "Andre ord"-prosenten på 1,7 i nynorskversjonen av dette brevet er den lågaste vi finn i alle dokumenta. Snittet samla for alle dokumenta er 4,9 prosent.

Under «andre ord» i bokmålsskjemaet finn vi 2 ord under tilvisingar og 3 under institusjonar. Til saman er det 2,1 prosent andre ord i bokmålsdokumentet. Døme på andre ord er viste nedanfor.

Offentleg institusjon:

- Skifteretten
- Tingretten
- Byfogdembetet
- www.regjeringen.no
- nettstedet norsk.lysingsblad.no

4.1.3 Dokument 3 (brevmal): Påminning attlevande ektefelle / Påminnelse gjenlevende ektefelle

Skildring av dokumentet

Dette dokumentet er ein brevmal som blir sendt til attlevande ektefellar som ikkje har ordna med skifteform før det har gått 60 dagar etter dødsfallet. Nynorskbrevet inneheld 226 ord, medan bokmålsversjonen har 194 ord.

Total: 226	Fagord			Vage ord		Andre ord			Sum	% av tekst
Unike	33			11		9			55	
Førekomstar	54			11		11			72	
% førek. av tekst	23,9			3,1		4,9				31,9
Under-grupper	K1	K2	K3	Usps.	Grad	Lovt.	Inst.	Fork.		
	13	17	3	8	3	8	1	0		

Tabell 4.1.3n: Skjema 3n: Påminning attlevande ektefelle.

Total: 194	Fagord			Vage ord		Andre ord			Sum	% av tekst
Unike	33			11		10			54	
Førekomstar	45			11		10			66	
% førek. av tekst	23,2			5,7		5,2				34,0
Under-grupper	K1	K2	K3	Usps.	Grad	Lovt.	Inst.	Fork.		
	15	13	5	8	3	8	1	1		

Tabell 4.1.3b: Skjema 3b: Påminnelse gjenlevende ektefelle.

Oversyn over vanskelege ord (Sum)

Til saman er det 72 førekomstar av vanskelege ord i nynorskteksten. Dette utgjer 31,9 prosent av heilskapen. 23,9 prosent av desse er fagord, 3,1 prosent er vage ord og 4,9 prosent er andre ord.

Bokmålsteksten har samanlagt 66 førekomstar av vanskelege ord. Dette utgjer 34 prosent av teksten, der 23,2 prosent er fagord, 5,7 prosent er vage ord og 5,2 er andre ord.

Nynorskversjonen har den lågaste prosenten av vanskelege ord av alle dokumenta. Bokmålsversjonen er nest lågast.

Fagord

Nynorskteksten har 33 unike fagord. Av desse høyrer nesten alle til i kategori 1 og 2, der kategori 1 er reine fagtermar, og kategori 2 er ord som blir brukt administrativt. Bokmålsteksten har 45 unike tilfelle av fagord. Som vi ser av skjemaet, er 15 av desse reine fagtermar (kategori 1), medan 13 er administrative fagord (kategori 2) og 5 er meir generelle fagord (kategori 3). Konsentrasjon om kategori 1 og 2 er som det vanlegaste i utvalet. Talet fagord i nynorskbrevet ligg litt under gjennomsnittet. Nokre utvalde døme på fagord er vist nedanfor.

Kategori 1: buet/boet, privat skifte, dødsbu/dødsbo, arv, gjeld, myndig, arving

"buet", "uskifte", "privat skifte", "rett" og "retten"

Kategori 2: orientering, fristen, ta over / overta, frist, tilfellet, ansvaret, lèt etter seg / etterlater seg, eignelutar/eiendeler

Kategori 3: original, tilsendt/tilsende / innlevert/innsendt

Vage ord

Både nynorsk- og bokmålsteksten har 11 vage ord, der 8 er av typen uspesifisert, medan 3 er gradord. Nynorskbrevet har den aller lågaste prosenten vage ord av alle dokumenta. Nokre utvalde døme på vage ord er viste nedanfor.

Uspesifisert:

"dei ulike alternativa", " (den attesten) som måtte vere aktuell (i dette tilfellet)"

Grad:

"lite eller ingenting"

Andre ord

Nynorskteksten har 9 andre ord, der 8 går under tilvisingar og 1 namn på institusjon.

Bokmålsteksten har 10 ord som går under andre ord. Her er 8 lovtilvisingar, 1 er namn på institusjon og 1 er forkorting. Døme på andre ord er vist nedanfor.

Tilvisingar:

- skiftelova § 81 / skifteloven § 81
- www.regjeringen.no
- grunnbeløpet i folketrygda / grunnbeløpet i folketrygda
- arvelova/arveloven

Offentleg institusjon:

- Justisdepartementet

4.1.4 Dokument 4 (brevmal): Påminning andre arvingar / Påminnelse andre arvinger

Skildring av dokumentet

Dette dokumentet er eit brev som blir sendt ut som påminning til arvingar som ikkje har meldt frå om skifteform før det er gått 60 dagar etter dødsfallet.

Teksten inneheld 231 ord i nynorskversjon og 213 ord i bokmålsversjon.

<u>Total: 231</u>	Fagord			Vage ord		Andre ord			Sum	% av tekst
Unike	42			21		21			84	
Førekomstar	54			21		24			99	
% førek. av tekst	22,9			10,4		10,4				43,7
Under-grupper	K1	K2	K3	Usps.	Grad	Lovt.	Inst.	Fork.		
	15	15	12	19	2	21	0	0		

Tabell 4.1.4n: Skjema 4n: Påminning andre arvingar.

<u>Total: 213</u>	Fagord			Vage ord		Andre ord			Sum	% av tekst
Unike	35			16		22			73	
Førekomstar	46			16		25			66	
% førek. av tekst	21,6			7,5		11,7				40,8
Under-grupper	K1	K2	K3	Usps.	Grad	Lovt.	Inst.	Fork.		
	14	14	7	14	2	21	1	0		

Tabell 4.1.4b: Skjema 4n: Påminnelse andre arvinger.

Oversyn over vanskelege ord (Sum)

Samanlagt er det 99 førekomstar av **vanskelege ord** i **nynorskteksten**. Dette er 43,7 prosent av teksten, . Den har såleis fleire vanskelege ord enn gjennomsnittet for alle tekstane. 22,9 prosent av dei vanskelege orda er fagord, 10,4 prosent er vage ord og 10,4 prosent er andre ord.

Legg vi saman alle førekomstane av alle dei vanskelege orda i bokmålsteksten, finn vi at denne teksten har 66 vanskelege ord. Det er 40,8 prosent av teksten, noko som er rett under gjennomsnittet for alle tekstane. 21,6 prosent av dei vanskelege orda er fagord, 7,5 prosent er vage ord og 11,7 prosent er andre ord.

Fagord

Nynorskteksten har færre fagord enn gjennomsnittet. Vi finn 42 unike tilfelle av fagord i nynorskteksten. Blant fagorda her er det nesten like mange av kvar kategori (15 i kategori 1, 15 i kategori 2 og 12 i kategori 3).

Bokmålsteksten har 35 unike tilfelle av fagord. Blant fagorda ser vi ei overvekt av kategori 1 og kategori 2, både i nynorsk- og bokmålsversjon. Dette kan bidra til å gjere teksten vanskelegare å forstå, slik det er i mange av tekstane i utvalet. Utvalde døme på fagord er vist nedanfor.

Kategori 1: arvingane/arvingene, privat skifte, skifte buet privat / skifte boet privat, skifteattest, gjeldsansvaret, offentlig skifte / offentlig skifte

Det første fagordet, som òg er mellom dei viktigaste orda i teksten, er "arvingane" (linje 1). Dette ordet har eg tidlegare i oppgåva definert som ein fagterm ut i frå *Jusleksikon* og tydinga av ordet som følgjer av lovteksten.

Uttrykka "privat skifte" (linje 3) og "skifteattest" (linje 5) er mellom dei andre orda som går under kategorien av fagtermar definert i *Jusleksikon*.

Kategori 2: frist, ta over / overta, utsteder, ansvaret, skrive under / undertegne, formuen, underskotet/underskuddet, verdi, avgrensa/begrenset, overlatast/overlates, plikt

Kategori 3: tatt på seg / påtatt (seg), dekke, trekt frå / fratrukket, eige tiltak / eget tiltak

Vage ord

Nynorskteksten har 21 vage ord. Desse er svært skeivt fordelt mellom kategoriane, med heile 19 uspesifiserte ord og berre 2 gradord. Dei vage orda i bokmålsteksten er i det alt vesentlege uspesifiserte (14, mot 2 gradord). Brevet har den nest høgste (bokmål) og tredje høgste (nynorsk) førekomsten av vage ord i materialet.

Vagt, type uspesifisert

Uttrykka "minst én" og "den eller de" har eg kategorisert som vage ord av typen uspesifisert, fordi dei er vage på den måten at dei ikkje gir spesifikk informasjon, men omtrentleg kunnskap. Denne typen uttrykk blir brukt for at teksten skal passe i flest mogleg tilfelle.

Vagt, type grad

Større enn, mindre enn

Andre ord

Nynorskteksten har 21 ord som utgjør tilvisingar og 1 forkorting.

Tilvisingar

- Skifteloven
- Skjemaet Erklæring om privat skifte av dødsbu
- Grunnbeløpet i folketrygden
- Skjemaet Fråsegn om privat oppgjør av dødsbu av liten verdi
- www.domstol.no

Denne teksten inneheld lovtilvisinga "skifteloven", som er henta frå setninga "Arvingene har en frist etter skifteloven på 60 dager fra dødsdagen med å overta et dødsbo til privat skifte". Ordet viser til ein ekstern tekst som mottakaren mest truleg verken har tilgang til, eller eit grunnlag for å vite noko om. Uttrykket "tre ganger grunnbeløpet i folketrygden" er eit uttrykk som krev ein del ekstrakunnskap for mottakaren.

4.1.5 Dokument 5 (brevmal): Oversending av melde fordringar / Oversending av anmeldte fordringer

Skildring av dokumentet

Dette brevet følger lista over fordringar og krav og blir sendt ut til arvingane når proklamafristen har gått ut. Nynorskbrevet inneheld til saman 174 ord.

Bokmålsversjonen inneheld til saman 163 ord.

Total: 174	Fagord			Vage ord		Andre ord			Sum	% av tekst
Unike	58			10		4			72	
Førekomstar	71			17		4			92	
% førek. av tekst	40,8			9,8		2,3				52,9
Under-grupper	K1	K2	K3	Usps.	Grad	Lovt.	Inst.	Fork.		
	21	16	21	9	1	3	0	1		

Tabell 4.1.5n: Skjema 5n: Oversending av melde fordringar.

Total: 163	Fagord			Vage ord		Andre ord			Sum	% av tekst
Unike	50			10		4			64	
Førekomstar	61			17		4			82	
% førek. av tekst	37,4			10,4		2,5				50,3
Under-grupper	K1	K2	K3	Usps.	Grad	Lovt.	Inst.	Fork.		
	20	14	16	5	5	3	0	1		

Tabell 4.1.5b: Skjema 5b: Oversending av anmeldte fordringer.

Oversyn over vanskelege ord (Sum)

Dersom vi legg saman førekomstane av alle orda i teksten, finn vi at nynorskteksten har heile 92 vanskelege ord. Dette er 52,9 prosent av teksten, der 40,8 prosent er fagord, 9,8 prosent er vage ord og 2,3 prosent er andre ord.

Det er til saman 82 vanskelege ord i bokmålsteksten. Dette utgjør 50,3 prosent av teksten. Av dette er 38 prosent fagord, 9,8 prosent er vage ord og 2,5 prosent er andre ord.

I desse to tekstane er det hovudsakleg fagorda som gjer lesinga vanskeleg. Alle fagorda er likevel ikkje *like* vanskelege. Svært mange av orda høyrer til i kategori 2 og 3, noko som kanskje kan bidra til å lette forståinga.

Fagord

Denne teksten har høgst prosent fagord av alle tekstane, og er òg den teksten som har størst del vanskelege ord. Bokmålsteksten kjem på tredje plass i fagordprosent og andre plass samanlagt.

I nynorskteksten finn vi 58 unike førekomstar av fagord, 10 vage ord og 4 andre ord. Fagorda er ganske jamt fordelte mellom dei tre ulike kategoriane. I bokmålsteksten er det 50 unike fagord. Utvalde døme på fagord i teksten er vist nedanfor.

Kategori 1: fordringar/fordringer, proklamafristen, retten, fordringslista/fordringsliste, arvingane/arvingene, skifta buet privat / skifte boet privat, legitimert

Kategori 2: gått ut / utløpt, vedlagd/vedlagt, utferda/utferdige, overteke/overtatt

Kategori 3: Oversending/oversendelse, innkomne, ta på seg / påta seg,

Vage ord

Både nynorsk- og bokmålsteksten har 10 unike tilfelle av vage ord. I nynorskteksten er desse fordelte på 9 uspesifiserte og eitt gradsord, medan det er 5 ord i kvar kategori i bokmålsteksten. Utvalde døme på vage ord i teksten er vist nedanfor.

Uspesifisert: Ein eller fleire / en eller flere, den eller dei /den eller de, i så fall

Grad: vurderer/vurdere

Andre ord

Både bokmåls- og nynorskteksten har 4 ord som høyrer inn under kategorien andre ord.

I begge tekstane er tre av dei lovtilvisingar, medan 1 er forkorting. Utvalde døme på andre ord i teksten er vist nedanfor.

Tilvisingar

- skiftelova § 83.

Forkortingar

- jf.

4.1.6 Dokument 6 (brevmal) Fristbrev rekvirent / Fristbrev rekvirent

Skildring av dokumentet

Dette er eit brev som blir sendt ut til den/dei som har bedt om offentleg skifte, og på den måten må stå til ansvar for å dekke skiftekostnadane. Nynorskbreveet inneheld totalt 152 ord.

Bokmålsversjonen inneheld 154 ord, berre to meir enn nynorskversjonen. Desse breva ligg om lag midt på gjennomsnittet i prosenten for fagord, vage ord og andre ord.

Total: 152	Fagord			Vage ord		Andre ord			Sum	% av tekst
Unike	33			15		6			54	
Førekomstar	43			12		6			61	
% førek. av tekst	28,3			7,9		3,9				40,1
Under-grupper	K1	K2	K3	Usps.	Grad	Lovt.	Inst.	Fork.		
	9	14	8	9	4	4	0	2		

Tabell 4.1.6n: Skjema 6n: Fristbrev rekvirent.

Total: 154	Fagord			Vage ord		Andre ord			Sum	% av tekst
Unike	34			18		6			58	
Førekomstar	42			18		6			66	
% førek. av tekst	27,3			11,7		3,9				42,9
Under-grupper	K1	K2	K3	Usps.	Grad	Lovt.	Inst.	Fork.		
	10	12	10	13	5	4	0	2		

Tabell 4.1.6b: Skjema 6b: Fristbrev rekvirent.

Oversyn over vanskelege ord (Sum)

Nynorskbreveet har totalt 61 førekomstar av vanskelege ord. Dette er 40,1 prosent av heilskapen. Bokmålsteksten har samla 66 førekomstar av vanskelege ord. Dette er 42,9 prosent av heilskapen.

Fagord

Nynorskteksten har 33 unike fagord, og vi finn flest ord frå kategori 2 (14). Bokmålsteksten har 34 unike fagord som er nesten likt fordelte i dei tre kategoriane (10 i kategori 1, 12 i kategori 2 og 10 i kategori 3).

28,3 prosent av nynorskteksten er fagord, mot 27,3 prosent bokmålsteksten. Det vil seie nær snittet i utvalet. Utvalde døme på fagord i teksten er vist nedanfor.

Kategori 1: Kravsmål/begjæring, offentlig skifte / offentlig skifte, salær, bustyraren/bobestyreren, retten

”Bobestyreren” har tydinga ”daglig leder av et konkursbo eller et dødsbo som er under offentlig skiftebehandling” i *Jusleksikon*). ”Salær” har tydinga ”honorar, særlig brukt om advokathonorarer” i *Jusleksikon*.

Kategori 2: frist, forskot/forskudd, datert, avvist, midlar/midler, liggje føre / foreligge, sikkerheit/sikkerhet,

Kategori 3: gebyr, kan opnast / kan åpnes, dokumenterast/dokumenteres, utskrift

Vage ord

Nynorskbrevet har 15 unike førekomstar av vage ord, der 9 er uspesifiserte og 4 er gradsord. Bokmålsbrevet har 18 unike førekomstar av vage ord, som hovudsakeleg er uspesifiserte (13, mot 5 gradsord). 7,9 prosent av heilskapen i nynorskbrevet er vage ord, mot 11,7 i bokmålsbrevet. Utvalde døme på fagord i teksten er vist nedanfor.

Uspesifisert: alternativt, tilstrekkelege/tilstrekkelige, til dømes / for eksempel

Adverbet ”alternativt” (linje 6) starter avsnitt tre og setninga ”Alternativt må det dokumenteres at boet utvilsomt har tilstrekkelige midler til å dekke skiftekostnadene”. Ordet skal vise tilbake til avsnittet ovafor, der det blir gjort greie for kva som må til for å kunne opne offentlig skifte. I NRO blir ordet ”alternativt” forklart slik: ”(...) som tillater ell. krever valg mellom to (ell. flere) muligheter. Ved å starte setninga/avsnittet med ”alternativt” forsøker avsendaren å skissere ei anna mogleg løysing for den som ikkje kan innfri krava i

det tidlegare avsnittet. Det er likevel ikkje gitt tydeleg signal på førehand om at lesaren har ulike alternativ, og det vil vere relativt vanskeleg for mottakaren å setje seg inn i desse alternativa ut i frå teksten, då den er fagleg tung.

Grad: i hovudsak /hovedsakelig, tvillaust/utvilsomt, større enn

I setningsutdraget "at boet *utvilsomt* har *tilstrekkelige* midler" (mi utheving) i linje 6 viser adjektiva "utvilsomt" og "tilstrekkelige" til ulike grader av sikkerheit. I følgje ordboka tyder ordet "utvilsomt" "sikker, opplagt, åpenbar", og det hamnar såleis ganske nært toppunktet på ein tenkt skala,. Det er vanskelegare å slå fast kvar ordet "tilstrekkelige" skal plasserast på ein liknande skala. Nynorskordboka gir "tilstrekkeleg" tydinga "som strekk til, nok", men dette blir eit spørsmål om kontekst og skjønn. Sidan det er snakk om ein *tilstrekkeleg* mengde pengar for å betale ein kostnad, må det innebere at at ordet viser til eit visst behov som skal dekkast. Før mottakaren kan vite kva ordet "tilstrekkelege" inneber i det konkrete tilfellet, må han eller ho sjølv finne ut kva som inngår i kostnadane.

Andre ord

11,7 prosent er vage ord og 3,9 prosent er andre ord.

I denne teksten finn vi døme på både lovtilvisingar og forkortingar, som eg no skal sjå nærare på.

Tilvisingar

- rettsgebyrloven § 3 sjetle ledd

I linje 10 finn vi setninga "Dersom gebyret ikke er betalt innen den fristen som er satt i fakturaen, vil saken bli avvist, jf. *rettsgebyrloven § 3 sjetle ledd* (mi utheving). Her blir det vist til ein bestemt paragraf i ein ekstern lovtekst som gir grunnlaget for rettsgebyr.

Forkortingar

- o.a.
- jf.

I dette brevet finn vi ei forkorting allereie i overskrifta: "Frist for innbetaling av forskudd på gebyr *m.v.*" (mi utheving). Forkortinga *m.v.* står for "med videre". Ifølgje Språkrådet skal den eigentleg skrivast "mv." Forkortinga går under den kategorien som Ruth Vadtvædt Fjeld kallar "latskapsforkorting".

Forkortinga "jf." står for "jamfør", og blir brukt som samanlikning eller tilvising. Ordet/forkortinga blir svært mykje brukt i juridiske tekstar, nettopp for å vise til lovverket som ligg bak praksisen. For ikkje-juristar kan det derimot vere vanskeleg å forstå kva tyding eigentleg er.

4.1.7 Dokument 7 (brevmal): Følgbrev skifteattest / Følgbrev skifteattest

Skildring av dokumentet

Dette er eit brev som følgjer skifteattesten. Ein skifteattest er ei stadfesting som tingretten skriv ut, og den inneheld opplysningar om kven som er arvingar, og kven som skal utføre eit eventuelt privat skifte av buet (Gisle 2010).

Nynorskbreveet inneheld til saman 139 ord, medan bokmålsbreveet har 142 ord.

Total: 139	Fagord			Vage ord		Andre ord			Sum	% av tekst
Unike	27			6		4			28	
Førekomstar	36			6		3			45	
% førek. av tekst	25,9			4,3		2,2				32,4
Under-grupper	K1	K2	K3	Usps.	Grad	Lovt.	Inst.	Fork.		
	17	7	3	5	1	1	2	1		

Tabell 4.1.7n: Skjema 7n: Følgbrev skifteattest.

Total: 142	Fagord			Vage ord		Andre ord			Sum	% av tekst
Unike	29			8		3			40	
Førekomstar	37			8		3			48	
% førek. av tekst	26,1			5,6		2,1				33,8
Under-grupper	K1	K2	K3	Usps.	Grad	Lovt.	Inst.	Fork.		
	17	8	3	8	0	0	2	1		

Tabell 4.1.7b: Skjema 7b: Følgbrev skifteattest.

Oversyn over vanskelege ord (Sum)

Det er til saman 45 førekomstar av vanskelege ord i nynorskteksten, noko som utgjør 32,4 prosent av teksten. Av dette er 25,9 prosent fagord, 4,3 prosent er vage ord og 2,2 prosent er andre ord.

Bokmålsteksten har til saman 48 førekomstar av vanskelege ord, noko som utgjør 33,8 prosent av heilskapen. Fagorda utgjør 26,1 prosent, 5,6 prosent er vage ord og 2,1 prosent er andre ord.

Fagord

Desse tekstane har relativt få fagord, men dei som finst, høyrer hovudsakleg til i kategori 3, altså dei vanskelegaste fagorda, noko som kan bidra til å gjere forståinga vanskelegare.

I nynorskbrevet finn vi 27 unike tilfelle av fagord, der heile 17 av orda høyrer til i kategori 1. I bokmålsbrevet finn vi 29 unike tilfelle av fagord, og her høyrer òg 17 av orda høyrer til i kategori 1. Utvalde døme på fagord i teksten er vist nedanfor.

Kategori 1: "fullmakt", "skifteattest", "attest", "originaltestament"/ "originaltestamenter", "fullmaktsskjema"/"fullmaktsskjemaer", "fullmakt", "arveavgift", "arvelataren"/ "arvelater".

Ordet "fullmakt" blir i teksten brukt både som eige ord og i samansetjingar. Ei fullmakt er i *Jusleksikon* definert som "utsagn hvor en fysisk eller juridisk person gir en annen rett til å foreta rettslige disposisjoner på sine vegne".

Kategori 2: "vedlagt", "utstedes", "stå for" / "forestå", "midlane"/"midler", "vedlegge"/"vedlegger", "oppheva"/"opphevet"

Kategori 3: "oversender"/"oversendes"

Vage ord

Nynorskbreve har 6 vage ord, der 5 er uspesifiserte og 1 er gradsord. Bokmålsbrevet har 8 vage ord, der 8 er uspesifiserte. Utvalde døme på vage ord frå teksten er vist nedanfor.

Vagt, uspesifisert: "eventuelle", "eller andre", "lengstlevende"/"lengstlevande".

Vagt, grad: "avgjerande"/"avgjørende".

Andre ord

Nynorskbreve inneheld 4 unike andre ord, der 2 er namn på institusjonar, 1 er lovtilvising og 1 er forkorting. Bokmålsbrevet har 3 unike andre ord, der 2 er namn på institusjonar og 1 er forkorting. Utvalde døme på fagord i teksten er vist nedanfor.

Lovtilvisingar/spesialkunnskap:

- Arveavgiftsloven
- Oppheva med verknad frå 1. januar 2014

Namn på offentlege institusjonar:

- Skattekontoret
- skatteopplysningen

Forkortingar:

Forkortinga m.v., som ifølgje Språkrådet si liste over forkortingar eigentleg skal skrivast mv., står for "med vidare" og er ei forkorting som nok kan vere ukjend for mange lesarar.

4.1.8 Dokument 8 (brevmal): Orientering om proklamautskrivning / Orientering om proklamautstedelse

Skildring av dokumentet

Dette dokumentet blir sendt ut når ein eller fleire arvingar ber tingretten om å utstede preklusivt proklama. Dette er ei offentleg utlysning med ei tyding eg vil kome tilbake til i analysen av fagord nedanfor.

Nynorskteksten er på til saman 152 ord. Mange av desse er fagord, men brevet har òg ein del vage formuleringar. Dette vil eg no sjå nærare på. Bokmålsversjonen av brevet har òg til saman 152 ord (likt nynorskversjonen). Fordelinga av "problemord" i dei ulike kategoriane er likevel ikkje heilt lik.

Tabell 10n

Total: 152	Fagord			Vage ord		Andre ord			Sum	% av tekst
Unike	41			14		7			62	
Førekomstar	47			16		7			70	
% førek. av tekst	30,9			10,5		4,6				46,1
Undergrupper	K1	K2	K3	Usps.	Grad	Lovt.	Inst.	Fork.		
	19	4	18	11	3	0	6	1		

Tabell 4.1.8n: Skjema 8n: Orientering om proklamautskrivning.

Total: 152	Fagord			Vage ord		Andre ord			Sum	% av tekst
Unike	39			13		11			62	
Førekomsten	45			14		11			70	
% førek. av tekst	29,6			9,2		7,2				46,1
Undergrupper	K1	K2	K3	Usps.	Grad	Lovt.	Inst.	Fork.		
	17	8	14	10	3	0	10	1		

Tabell 4.1.8b: Skjema 8b: Orientering om proklamautstedelse.

Oversyn over vanskelege ord (Sum)

Dersom vi legg saman alle førekomstane av alle dei ulike orda, finn vi at nynorskteksten har til saman 70 vanskelege ord. Dette er 46,1 prosent av teksten. Bokmålsteksten har òg 70 vanskelege ord og den same prosenten som nynorskteksten.

Fagord

I nynorskteksten er det 41 unike førekomstar i kategorien fagord. Fagorda utgjer 30,9 prosent av teksten. Nesten alle orda er fordelt ganske likt mellom kategori 1 og kategori 3. Det er berre 4 ord i kategori 2. Dette vil seie at fagordprosenten er høg, men at nesten halvparten av desse høyrer til i den «lettaste» kategorien, noko som kanskje kan hjelpe på forståinga.

Bokmålsteksten har 39 unike fagord, med ei nokså lik fordeling som nynorskbrevet i kategoriane. Til saman utgjer fagorda her 29,6 prosent av heilskapen. Utvalde døme på fagord i teksten er vist nedanfor.

Kategori 1: Proklamaautskrivning/proklamautstedelse, preklusivt proklama, kemneren, meirverdiavgift/merverdiavgift, fast eigedom/eigedom, sjølveigarleilegheiter/selveigerleiligheter, "kreditoren", heimelsdokument/adkomst dokumenter, aksje- eller burettslagsleilegheiter / borettslagsleiligheter, proklamafristen

Den viktigaste termen i dette brevet er "preklusivt proklama" som, etter *Jusleksikon*, er ei

(...) kunngjøring som offentliggjøres i forbindelse med arveoppgjør med oppfordring til eventuelle kreditorer om å melde sine krav (...) At proklamet er preklusivt, innebærer at hvis kreditorene ikke har meldt seg innen seks uker fra siste kunngjøring (§ 73), mister de sine krav, med mindre annet er bestemt ved lov (§ 75)" (Gisle 2011:314).

Proklama er ein juridisk fagterm med latinsk opphav som nok vil vere relativt ukjend for folk som ikkje tidlegare har vore borti det tidlegare. I brevet finn vi òg to utleiingar av dette ordet; "proklamaautskrivning" og "proklamafristen". I linje 5-6 finn vi setninga "Nedanfor nemner vi dei viktigaste og vanlegaste krava som ikkje fell bort (ikkje blir *prekluderte*), sjølv om dei ikkje blir meldt" (mi utheving).

Verbforma av adjektivet preklusivt blir her nytta i ei tilføyning i parentes. Vi finn òg døme på nokre meir økonomiske termar, som "meirverdiavgift" og "kreditoren".

Kategori 2: Orientering, opplysningar, bustadselskapet/boligselskapet,

Kategori 3: motteke, utskriving/utstedelse, gebyret, forretningsføraren/forretningsfører, (få) tilsendt

Vage ord

14 ord går under kategorien vagheit i nynorskteksten, og her er det over tre gongar så mange uspesifiserte ord som gradord. Bokmålsteksten har 13 vage ord, der 10 er uspesifiserte og 3 er gradord. Dei vage orda utgjer 10, 5 prosent av nynorskteksten og 9,2 prosent av bokmålsteksten.

Vagt, type uspesifisert

I første avsnitt, linje 4, finn vi setninga "Proklama vil bli utskrive *med det første*" (mi utheving). Uttrykket "med det første" er klart vagt, fordi det seier lite konkret om eit bestemt tidspunkt for den nemnde utskrivinga, noko som kan skape usikkerheit for mottakaren.

Andre uspesifiserte vage ord/uttrykk i teksten er "eventuelt" (linje 6), "slike (krav)" (linje 6), "ca. to månader (linje 15)"

Vagt, type grad

Ordet "venteleg", henta frå setninga "Proklamafristen vil venteleg gå ut om ca. to månader" i linje 17, er eit adjektiv med ordbokstydinga "som er å vente, rimeleg". Ut i frå lova går proklamafristen ut etter ei fastsett tid, men ved å bruke det vage adjektivet framfor fristen i brevet, blir tydinga meir elastisk, og avsendaren får sikra seg ved eventuelle avvik. Dette fører på den andre sida til at budskapet blir uklar for mottakaren.

Andre ord

Nynorskteksten har 7 ord som går under andre ord. Her går 5 under namn på institusjonar og éi under forkorting (dersom vi ikkje reknar med ca., som er tatt med under vage ord). Bokmålsteksten har 11 andre ord, der 10 er institusjonsnamn og 1 er forkorting. Dei andre orda utgjer 4,6 prosent av nynorskteksten, mot 7,6 prosent i bokmålsteksten.

Namn på offentlege institusjonar

I dette brevet blir det vist til/nemnt fire namn på offentlege institusjonar:

- Kemneren
- Skatteetaten (med liten s)
- Statens kartverk i Hønefoss
- Lausøyreregisteret i Brønnøysund

Forkortingar

Inkl. = inklusive

Det krev ikkje så mykje meir innsats å skrive inklusive i staden for inkl. Det skaper dessutan ein betre flyt i språket, og er lettare å forstå.

4.2 Samla resultat

4.2.1 Alle tekstane under eitt

I skjemaet under er funna i alle dokumenta som eg har undersøkt stilt opp etter kvarandre, med prosentlar av fagord, vage ord, andre ord og samla for vanskelege ord i kvar tekst.

Dokument	Fagord	Vage ord	Andre ord	% av tekst
1n: Melding om uskifta bu NN	20,1	17,8	6,5	44,4
1b: Melding om uskiftet bo BM	20,6	18,2	6,5	45,3
2n: Erklæring om privat skifte av dødsbu NN	34,3	3,7	1,7	39,7
2b: Erklæring om privat skifte av dødsbo BM	37,6	4,5	2,1	44,2
3n: Påminning attlevande ektefelle NN	23,9	3,1	4,9	31,9
3b: Påminnelse gjenlevende ektefelle BM	23,2	5,7	5,2	34,1
4n: Påminning andre arvingar NN	22,9	10,4	10,4	43,7
4b: Påminnelse andre arvinger BM	21,6	7,5	11,7	40,8
5n: Oversending av melde fordringar NN	40,8	9,8	2,3	52,9
5b: Oversendelse av anmeldte fordringar BM	37,4	10,4	2,5	50,3
6n: Fristbrev rekvirent NN	28,3	7,9	3,9	40,1
6b: Fristbrev rekvirent BM	27,3	11,7	3,9	42,9
7n: Følgelbrev skifteattest NN	25,9	4,3	2,2	32,4
7b: Følgelbrev skifteattest BM	26,1	5,6	2,1	33,8
8n: Orientering om proklamautskrivning NN	30,9	10,5	4,6	46,0
8b: Orientering om proklamautstedelse BM	29,9	9,2	7,2	46,3
GJENNOMSNIITT	28,2	8,8	4,9	41,8

Tabell 4.2.1: Skjema 42: *Samla resultat*

(Gjennomsnitt gjev 41,8 med loddrett summering i «% av tekst» og 41,9 med vassrett nede pga. avrunding.)

4.2.2 Oversyn og oppsummering av funn

Dei 16 tekstane som eg har gått gjennom, har mange likskapar når det gjeld språk og ordval, men det er òg nokre som skil dei frå kvarandre. Dei 4 første tekstane er tekstutdrag henta frå skjema, medan dei 12 andre er brevmalar.

Snittet for vanskelege ord i alle dokumenta til saman er 41,8 prosent. Av dette er det i snitt 28,2 prosent fagord, 8,8 prosent vage ord og 4,9 prosent andre ord.

Felles for alle tekstane er at fagordprosenten er høg. I alle tekstane er det òg fagorda som utgjer den største prosentdelen av dei vanskelege enkelttilfella (unike ord). Skjemaa for uskifta bu er dei einaste to tekstane som har ein så høg del vage ord at han ligg nær fagordprosenten i same dokument.

Det dokumentet med høgste prosenten av vanskelege ord (52,9) er nynorskbrevet *Oversending av melde fordringar* (dokument 5n). Med andre ord utgjer meir enn halvparten av brevet vanskelege ord. Den lågaste prosenten (31,9) har nynorskbrevet *Påminning attlevande ektefelle* (dokument 3n). Det betyr at litt under ein tredel av brevet består av vanskelege ord.

Undersøkinga viser at forskjellane mellom bokmåls- og nynorskversjonane av skjemaa er små, som omtalt nedanfor.

I kvar tekst er fagord, vage ord og andre ord igjen delt inn i underkategoriar.

4.2.2.1 Fagord

Fagorda er delt inn i kategori 1-3, der kategori 1 er "vanskelegast".

Dei vanskelegaste orda er, ifølge denne inndelinga, fagtermene i kategori 1, som til dømes: "privat skifte", "preklusivt proklama", "dødsbo"/"dødsbo", "meirverdiavgift"/"merverdiavgift", "kreditor".

I kategori to finn vi ord som: "forsikringsutbetalingar"/"forsikringsutbetalingar", "inntektstilhøvet"/"inntektsforhold", "formuen", "oppnemne"/"oppnevne"

I kategori tre finn vi mellom anna: "krev", "særskilte", "bortfaller", "solidarisk", "imøtelse"

Fagordkategoriane fordeler seg ulikt i tekstane. Nokre tekstar har til dømes svært mange kategori 1-ord, medan andre har fleire av kategori 2 og 3. Dersom ein tekst har mange kategori 3-ord kan det vere nærliggjande å tru at dette kan gjere forståinga noko lettare enn om ein tekst har flest kategori 1.-ord.

Dokument 7, *Følgdebrev skifteattest / Følgdebrev skifteattest* og Dokument 1, *Melding om uskifta bu / Melding om uskiftet bo* er to døme på dokument som har ei overvekt av kategori 1-ord i fagordkategorien. Dokument 6 (brevmal) *Fristbrev rekvirent / Fristbrev rekvirent* er eit døme på ein tekst som har omlag like mange førekomstar av alle tre typene av fagord.

4.2.2.2 Vage ord

Det er færre førekomstar av vage ord enn fagord i tekstane, men nokre av tekstane har mange døme på dette. Som tidlegare nemnt er fagordprosenten i Dokument 1, *Melding om uskifta bu / Melding om uskiftet bo* på 17,8 prosent (NN) og 18,2 prosent (BM), mot høvesvis 20,1 og 20,6 prosent fagord i dei same tekstane. Ingen andre tekstar er i nærleiken av å ha eit så høgt nivå av vagheit. Dokument 6b, *Fristbrev rekvirent* (BM) ligg på 2. plass med 11,7 prosent (men der er fagordprosenten likevel dobbelt så høg, med 27,3).

Dei vage orda er delt inn i uspesifiserte ord og gradsord. Med to unntak (dokument 2n og 5b) er det overvekt av uspesifiserte uttrykksmåtar i tekstane. Dette inneber at i høve til denne kategoriseringa er det vanlegast at vage uttrykksmåtar har generell referanse, som dermed blir upresis. Slike eksempel er *ordning, eventuelt, løner seg* og *hensiktsmessig/høveleg*. Den andre hovudgruppa som omfattar grad, gjeld upresise mengder eller omfang. Eksempel er: *tilstrekkeleg, meir utfyllande, beste, naudsynleg/nødvendig, svært* og *noko/noe*. Mange vage uttrykksmåtar finst det grunnar for å plassere i begge gruppene, og det er ganske ofte ikkje ei skarp grense. Slike vurderingar avhenger bl.a. av kva for ein av desse to tolkingane som passar best for situasjon og tema som er omtalt. Slik kategorisering er òg eit skjønnsom som kan veksle

mellom dei som skal vurdere slikt. Det viktigaste er at vage uttrykksmåtar helst har upresis referanse i desse tekstane, og at bruken av vage uttrykksmåtar er omfattande her.

4.2.2.3 Andre ord

Den minste underkategorien av vanskelege ord er andre ord. Alle breva inneheld likevel *nokre* slike ord.

Brevet med størst prosent av andre ord er *Påminning attlevande ektefelle / Påminnelse gjenlevende ektefelle* med høvesvis 10,4 (NN) og 11,7 (BM) prosent andre ord. Desse to breva inneheld mange referansar til andre tekstar, noko som til saman utgjer mange ord av heilskapen. Dei andre orda er delte inn i namn på *offentlege institusjonar, tilvisingar og forkortingar*.

To døme på offentlege institusjonar henta frå tekstane er *Kemneren* og *Skatteetaten*.

Inkl. (inklusive) og jf. (jamfør) to av forkortingane som er brukt.

Eit døme på ei tilvising er *rettsgebyrloven § 3 sjette ledd*.

4.2.2.4 Nynorsk versus bokmål

Bokmålsbrevet har *størst prosentdel vanskelege ord samanlagt* i 5 av 8 tekstpar. Dette seier likevel ikkje så mykje, fordi skilnaden er heilt minimal. I snittet for dokumenta ligg prosenten for bokmål 0,8 prosent høgare enn for nynorsk. Det vil seie 41,4 for nynorsktekstane og 42,2 for bokmålstekstane, rekna med grunnlag i tabell 4.2.1.

Den største forskjellen i bruk av vanskelege ord finn vi i dokument 2, *Erklæring om privat skifte av dødsbu / Erklæring om privat skifte av dødsbo*. Der har nynorskversjonen 39,7 prosent vanskelege ord, mot 44,2 prosent i bokmålsteksten, altså 4,5 prosent forskjell. Forskjellen skuldast truleg at bokmålsversjonen og nynorskversjonen ser ut til å vere laga etter noko ulik mal, slik at tekstane ikkje er like i oppbygging, innhald og lengde.

Dessutan ligg prosenten av vanskelege ord i bokmål rundt to-tre prosent over nynorsk i dokumenta *Påminnelse gjenlevende ektefelle* og *Fristbrev rekvirent*. I to av nynorskdokumenta er prosenten av vanskelege ord tydeleg høgare. Det gjeld *Påminning andre arvingar* og *Oversending av melde fordringar*, med to-tre prosentpoeng høgare. Elles er skilnadane mindre mellom målformene.

4.3 Samtalar om ein brevmal

Eg har gjennomført ei lita undersøking i form av samtalar med åtte moglege brukarar. Undersøkinga er berre meint å vere ein liten illustrasjon på eventuelle problem med eit av dokumenta. Undersøkinga er så liten at resultatane ikkje vil kunne gje noko grunnlag for vidare konklusjonar eller resultat. Ei større undersøking ville ha vore for krevjande å gjennomføre, då dette er ei oppgåve med tekstanalyse som metode. Eg syns likevel det var interessant å kunne snakke med andre om kva dei meinte om nokre av orda i eitt av breva i materialet som er undersøkt, som underbygging av tekstanalysen.

Sidan dokumentet openbert er ein tungt fagleg tekst, bestemte eg meg for å teste brevet på to informantgrupper med ulik utdanningsbakgrunn; ei gruppe med høg utdanning og ei gruppe med lågare utdanning. Informantane vart fire masterstudentar og fire tilsette ved driftsavdelinga på Universitetet i Bergen. I utgangspunktet visste eg ikkje alderen på dei eg skulle intervjuje. Driftsleiaren for den aktuelle avdelinga fann kandidatar, og det viste seg at dette var fire eldre menn. Den andre gruppa var ei gruppe språkstudentar (éin mann og tre kvinner) i 20- og 30-åra.

Teksten eg brukte som bakgrunn for samtalanane var dokument 4b: *Påminnelse andre arvinger* (brevmal). Det er det same brevet som Aud Anna Senje kom med kommentarar til (i teoridelen av oppgåva). Jan Havsås hjalp meg med å "fylle ut" brevmalen, slik at den såg mest mogleg truverdig ut. Dokumentet informantane skulle lese, blir presentert i sin heilskap på neste side.

Dokument 4b: Påminnelse andre arvinger (utfylt brevmal)



OSLO BYFOGDEMBETE

Dok 12
SaksDokNr

Ole Hansen
Lovisaveien 4-13
0001 Oslo

Deres referanse

Vår referanse
15-005320

Dato
16.02.2015

15-005320DFA-OBYF: Avdøde Per Hansen

Arvingene har en frist etter skifteloven på 60 dager fra dødsdagen med å overta et dødsbo til privat skifte.

Hvis arvingene ønsker å skifte boet privat, brukes skjemaet *Erklæring om privat skifte av dødsbo*. Vi utsteder skifteattest når minst én arving har overtatt ansvaret for avdødes gjeld ved å undertegne på dette skjemaet.

Hvis avdødes gjeld er større enn formuen, må den eller de som har påtatt seg gjeldsansvaret selv dekke underskuddet. Hvis boets verdi før gjelden er fratrukket er mindre enn tre ganger grunnbeløpet i folketrygden, er ansvaret likevel begrenset til boets verdi.

Hvis dødsboets totale verdi er mindre enn grunnbeløpet i folketrygden etter at begravelsen er dekket, kan boet overlates til den som har ordnet med begravelsen. Gjeldsansvaret er da også begrenset til boets verdi. Bruk i så fall skjemaet *Erklæring om privat oppgjør av dødsbo av liten verdi*.

Informasjon om arv, ulike skifteformer og aktuelle skjemaer finnes på www.domstol.no under Ærend i domstolene > Dødsfall og arv. Skjema kan også fås ved henvendelse til oss.

Arvingene har ikke plikt til å overta boet til privat skifte. Hvis ingen av arvingene vil overta boet, ønsker vi å bli orientert om dette. Hvis vi ikke har hørt noe innen 01.03.2015, vil vi vurdere å åpne offentlig skifte av eget tiltak.

Med hilsen
Oslo byfogdembete

Mette Jensen
forstekonsulent

Postadresse
EmbetePostadresse

Sentralbord
EmbeteSentral

Saksbehandler
Saksbehandler

Bankgiro
EmbeteBankgiro

Organisasjonsnummer
EmbeteOrgNr

Kontoradresse
EmbeteKontoradresse

Telefaks
EmbeteFaks

Telefon
SaksbehtTelefon

Ekspedisjonstid
EmbeteEkspTid

Internett/E-post
EmbeteNettsad
EmbeteEpost

4.3.1 Informantar

Utgangspunktet for samtalane var å sjå om det var nokon skilnad på forståinga mellom to grupper med folk med ulik utdanningsbakgrunn. Det viste seg etter kvart å vere livserfaring, ikkje utdanning, som skilde dei i måten dei leste brevet. Dei fire masterstudentane var alle mellom 24 og 34 år og dei driftstilsette var i alderen 50 til 65.

Eg snakka med éin og éin av dei driftstilsette og to og to av studentane. Eg bad dei om å lese gjennom brevet, og dele nokre tankar og reaksjonar om brevet som heilskap og innhald, og forståinga av det, rett etter å ha lest brevet. Deretter bad eg dei forklare tydinga av nokre utvalde ord frå det same brevet.

På førehand såg eg for meg at (språk)studentane kanskje ville vere i betre stand til å tyde innhaldet i brevet enn dei driftstilsette. Det viste seg å vere omvendt. Av studentane hadde 3 av 4 problem med å forstå innhaldet i brevet og tydinga av dei fleste orda. Av dei driftsansvarlege var situasjonen omvendt: 3 av 4 kunne forklare tydinga av orda og til dels innhaldet i brevet. Det vart likevel fort tydeleg at det var tidlegare erfaring med arv og skifte, og ikkje nødvendigvis evna til å lese brevet, som var skilnaden mellom testgruppene.

Tendensen var at dei som tidlegare hadde vore borti arv og skifte, visste kva dei ulike omgrepa og øvrige nemningar sto for, medan dei som aldri hadde hatt noko med dette å gjere tidlegare, ikkje visste kva dette sto for...

4.3.2 Vanskelege ord og uttrykk

3 av dei 4 studentane kunne ikkje gjere greie for ordet *skifte*, medan berre 1 av 4 driftstilsette hadde same problem.

3 av dei 4 studentane trudde at *(døds)bo* hadde tydinga hus/eigedom, medan dei driftstilsette visste at uttrykket sto for den samla eigedomen til avdøde.

Uttrykket *Grunnbeløpet i folketrygden* var ukjent for studentane, medan alle dei driftstilsette visste kva det var, kva funksjon det hadde og til dels kva beløpet omfatta.

Skifteloven var eit ukjent ord (og dokument) for både studentane og dei driftstilsette. Ordet *Gjeldsansvar* klarte alle å gjere greie for, sjølv om dei driftstilsette tilsynelatande hadde ei klarare formeining om kva det innebar enn studentane.

4.3.3 Vurdering av teksten

Den generelle oppfatninga blant studentane var at brevet bar preg av å vere retta til juristar og ikkje til «vanlege folk», og dei meinte at det «var synd på dei pårørande som må lese det».

Fleire av studentane meinte at termene i brevet kravde forkunnskapar, og dei trudde det var enklare for «eldre folk» å forstå innhaldet enn det var for dei sjølve. Ein av studentane lurte på kvifor avsendaren ikkje kunne «skrive vanleg norsk?» og ein annan av studentane sa at det kjentes som om ho hadde lest eit mykje lengre brev enn ho eigentleg hadde, fordi innhaldet var tungt og kravde tolking.

Alle dei driftstilsette meinte at for å forstå brevet var det viktig å ta seg god tid og lese det mange gongar. Fleire av dei nemnde at arv og skifte var eit vanskeleg felt, og at det var viktig at folk forsto kva dei skulle gjere.

Ein av dei driftstilsette fortalte at han hadde gått på Tinghuset og fått hjelp då han skulle gjennomføre skifte etter foreldra sine, og at han var avhengig av det for å finne ut av korleis han skulle gjere det. Ein annan meinte at brevet burde vere meir konkret, sidan lesarane «er tynga av sorg». To av dei driftstilsette meinte at den som tar i mot brevet var avhengig av Internett for å finne svar på kva ein eigentleg skulle gjere. Ein annan uttalte at det «måtte vere vanskeleg for dei som ikkje kan, eller har, data».

Det er klare likskapar mellom kommentarane eg observerte under samtalanane med studentane og dei tilsette på driftsavdelinga og dei som finst i NTNU-undersøkinga som eg skildrar i 2.1.5.2. i teorikapittelet. Det er òg til dels samsvar nokre av informantane sine oppfatningar og Aud Anna Senje sine kommentarar til same brev i 2.1.5.1. Dette

gjeld til dømes uttrykket "grunnbeløpet i folketrygden", som var ukjent for mange av informantane mine, og som Senje meiner burde forklarast nærare i brevet.

5. AVSLUTNING

5.1 Oppsummering

Denne oppgåva har vist at dei undersøkte brevmalane og skjema som blir brukt i samband med arve- og skifteoppgjjer, inneheld mykje fagterminologi. I tillegg inneheld alle dei undersøkte breva døme på vage ord og uttrykk og i tillegg andre problematiske ord og uttrykk.

Alle dokumenta inneheld fagord, vage ord og andre ord som kan gjere teksten vanskeleg å forstå for ikkje-fagpersonar. Gjennomsnittet for vanskelege ord i alle dokumenta er til saman er 41,8 prosent. Av dette er det i snitt 28,2 prosent fagord, 8,8 prosent vage ord og 4,9 prosent andre ord.

